LINDÅS KOMMUNE

# KOMMUNEDELPLAN KNARVIK-ALVERSUND MED ALVERSTRAUMEN 2019-2031

Konsekvensutgreiing

Vedtatt av kommunestyret
15. oktober 2019, sak 069/19



# Konsekvensutgreiing og arealvurderingar

## Innhold

1. Innleiing ... 3
1.1. Omfang ... 3
2. METODE ... 4
2.1. Tema for KU og kunnskapsgrunnlaget ... 5
2.1.1. OVERORDNA FØRINGAR OG FORVENTNINGAR TIL KOMMUNAL AREALPLANLEGGING ... 5
**2.1.2. FORUREINING, KLIMA OG MILJØ** ... 7
**2.1.3. LANDBRUK OG JORDRESSURSAR** ... 8
**2.1.4. NATURMANGFALD, VASSMILJØ OG VERNA VASSDRAG** ... 9
**2.1.5. LANDSKAP** ... 10
**2.1.6. NÆRMILJØ, GRØNSTRUKTUR OG FRILUFTSLIV** ... 11
**2.1.7. KLIMATILPASSING** ... 12
**2.1.8. STRANDSONE** ... 13
**2.1.9. KULTURMINNER OG KULTURMILJØ, AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE** ... 14
**2.1.10. SOSIAL INFRASTRUKTUR** ... 15
**2.1.11. TRANSPORTBEHOV, SAMORDNA AREAL- OG TRANSPORTPLANLEGGING** ... 16
**2.1.12. TEKNISK INFRASTRUKTUR – VEG, VATN OG AVLØP (VA), HANDTERING AV OVERVATN** ... 17
**2.1.13. SAMFUNNSTRYGGLEIK, RISIKO OG SÅRBARHEIT** ... 17
**2.1.14. FOLKEHELSE** ... 18
**2.1.15. BARN OG UNGE** ... 19
3. Konsekvensutgreiing ... 20
**3.1. KRAV TIL VURDERING AV SAMLA KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET** ... 20
**3.2. SAMLA FOR AREALFØREMÅL** ... 21
**3.3. SAMLA FOR KU-TEMA** ... 22
**3.4. SAMLA SETT OPP MOT SAMFUNNSDELEN, STRATEGIAR OG REGIONALE/STATLEGE FØRINGAR** ... 25
4. KONSEKVENSUTGREIING OG ROS-ANALYSE AV ENKELTINNSPEL ... 26
4.1.1. NÆRING ... 30
4.1.2. LNF-spreidd næring ... 38
4.1.3. Bustad ... 47
4.1.4. Naustområde ... 56
4.1.5. Offentleg- og privat tenesteyting ... 59

Konsekvensutgreiing og arealvurderingar
Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031

1. gongs handsaming i plan- og miljøutvalet 19. juni 2019 sak 063/19.
Vedtak i Kommunestyret: 15. oktober 2019 sak 069/19

Sist revidert: 22.11.2019

# 1. INNLEIING

Planar som set rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring av konsekvensane for miljø og samfunn. Dette går fram av plan- og bygningslova § 4-2 og er utdjupa i forskrift om konsekvensutgreiingar (KU)[1]. Den vedtekne samfunnsdelen er det overordna styringsverktøyet for kommunen og kommuneplanen sin arealdel skal speila dei vedtekne målsettingane. Arealplanen legg ramane for å styra kommunen si strategiske utvikling, og fell under *Planer som alltid skal behandlast etter forskrifta § 6. a.*

Denne utgreiinga for kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, er utarbeidd med utgangspunkt i føringane i lov og forskrift. Vurderingane er på oversiktsnivå, og dei skildrar verknadane for miljø og samfunn av nye områder for utbygging eller vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde, og endringar i overordna infrastruktur.

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å få fram ei vurdering av:
- viktige miljø- og samfunnsverdiar
- verknaden ei eventuell utbygging vil ha for desse verdiane
- kva som kan gjerast av avbøtande tiltak for redusere dei negative verknadene

I tråd med forskrift om konsekvensutgreiingar er det berre dei delane av planen som fastset rammar for framtidig utbygging og som inneber endringar i forhold til gjeldande plan som skal utgreiast. Program for konsekvensutgreiing er innarbeidd i planprogrammet for kommunedelplanen. Planprogrammet vart stadfesta i kommunestyret 02.11.2017, sak 092/17

I tråd med plan- og bygningslova § 4-3, skal det ved utarbeiding av planar for utbygging og gjennomførast ei risiko og sårbaranalyse (ROS). Denne er utforma som eit eiget dokument, og ligg som vedlegg.

## 1.1. Omfang

Til kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen kom det inn ca 70 private innspel, samt 7 innspel frå offentlege etatar. Det er gjennomført ei grovsiling av innspela[2]. Innspel som ikkje er silt vekk gjennom grovsilinga av innspel, er tatt med vidare til KU og ROS-analyse. Innspel som overlappar /ligg svært nær kvarandre og er av lik karakter er, der det har vore tenleg, slått saman og vurdert felles. I desse høva er dei ulike forslagsstillarane lista saman.

Arbeidet med kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen går parallelt med arbeidet med kommuneplanens arealdel. Tema for KU i planprogrammet til kommuneplanen og kommunedelplanen er ikkje identiske. For å sikre at desse to planane i størst mogleg grad har ein lik utforming er det utforma ein ny oversikt over tema for KU, som skal vere felles for dei to planane. Alle KU-tema, for begge planane, er framleis med, men det er gjort nokre endringar jamfør planprogramma, for å få ein felles mal.

I politisk styringsgruppemøte 24. mai 2018, ba styringsgruppa om at alle innspel vert vurdert om det er i tråd med samfunnsdelen eller ikkje. Forskrifta om konsekvensutgreiing *krev* at det i tillegg til ei vurdering av dei einskilde innspela til planen, vert gjort ei framstilling av planen sine samla konsekvensar for samfunnet. Dette knyt seg til tre høve:

- Samla for dei ulike arealformåla
- Samla for dei ulike tema
- Samla opp mot samfunnsdelen og regionale/statlege føringar

Det er eit viktig mål for Lindås kommune å leggje til rette for utvikling i alle delar av kommunen, men ikkje i lik grad (jf. strategi 31 og 32 i samfunnsdelen). Det er ein regional føring for planen at ein ikkje skal legge ut område som vesentleg overstig behovet i kommunen.

[1] 1. juli 2017.
[2] Sjå vedlegg for oversikt og silingskriterier

# 2. METODE

**Generelt**

Metodikken for KUen tek utgangspunkt Miljøverndepartementet si rettleiar T-1493, og er utført med utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale målsettingar og styringsdokument.

Kommunedelplanen er på eit overordna nivå og utgreiinga skal, så langt råd er, byggjast på føreliggjande og allereie registrert kunnskap. Innsamling av ny kunnskap er avgrensa til det som trengs for vedtaksgrunnlag på eit overordna nivå. Ved ei seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, vil det kunne vere behov for å kartleggje ny kunnskap, dersom verknadene av det aktuelle tiltaket ikkje er tilstrekkeleg kjent.

Alle innspela er vurdert opp mot alternativ-0, som er dagens kommuneplan. Fleire innspel en dei som ender opp som sjølve planforslaget vert konsekvensutgreia. Det er to hovudårsaker til at ein innspel ikkje vert tilrådd vidareført;

1. Fordi konsekvensane på eit eller fleire av utredningstemaa gjer at ein ikkje kan tilrå at dei blir tatt med i rulleringa.
2. Ikkje i tråd med overordna føringar (samfunnsdelen, samt nasjonale/regional føringar).

Kommuneplanens samfunnsdel skal peike ut den strategiske satsinga som kommunen skal fylgja i planperioden. Difor vil det vera naudsynt å utelata dei innspela som ikkje støttar opp om den retninga for samfunnsutviklinga som samfunnsdelen legg til grunn. Arealplanen skal vere ein «kartmessig» spegling av måla i samfunnsdelen. I ei samla vurdering vil ein kunne vurdere korleis planforslaget støttar opp om dei overordna føringane.

Innspela er samla og omtalt etter tema. Oversiktskart viser lokalisering av innspela.

**Veiing av konsekvensar**

Konsekvensen er eit resultat av verdien ny arealbruk eventuelt er i konflikt med, og i kva grad/omfang ny arealbruk vil råka verdiområdet. Konsekvensutgreiinga skal ikkje berre syne verknadene tiltaket kan ha innanfor sjølve innspelsavgrensinga, men og for eventuelle verdiområde rundt (innspel kan ha eit influensområde som er vesentleg større enn innspelet i seg sjølv).

Verdsetting til eit tema for eit område er henta frå aktuelle datasett. Desse nyttar nasjonale standardar for verdsetting, som oftast følgjer ein A til C verdiskala (der A er høgast), eller ein inndeling med verdi av nasjonal, regional eller lokal interesse. Ein del tema har ikkje geografiske verdiområde og konsekvensvurderinga må gjerast i høve til korleis måla for temaet blir oppnådd. Konsekvensar ved ny arealbruk vert vurdert og sortert inn i ein tredelt skala.

| | |
|---|---|
| GRØNN | Ingen vesentleg konflikt innanfor vurderingstemaet. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. Dette blir i så fall nemnt. |
| GUL | Mogleg konflikt som bør kontrollerast nærare ved detaljregulering, eller konflikt som vurderast som innanfor det akseptable så lenge det ikkje er fleire vesentlege konfliktar knytt til innspelet. |
| RAUD | Tydeleg/sterk konflikt innanfor temaet. *Kan* åleine vere grunn til at innspelet ikkje vert tilrådd. Unntaket er om det finst fleire positive konsekvensar / sterkt behov for å likevel å tilrå tiltaket. Ved avbøtande tiltak eller arrondering av areal, kan konsekvensen verte endra. |

Etter gjennomgang jf. kvart enkelt KU-tema, kjem ei samla vurdering av innspelet, med ei tilråding om å teke med innspelet i planforslaget eller ikkje.

## 2.1. Tema for KU og kunnskapsgrunnlaget

Oversikten under skildrar bakgrunnen for dei ulike tema, og gjer greie for korleis ny arealbruk vil verta vurdert om den råkar dei skildra verdiane eller kjem i konflikt med dei ulike omsyna.

### 2.1.1. OVERORDNA FØRINGAR OG FORVENTNINGAR TIL KOMMUNAL AREALPLANLEGGING

Bakgrunn

Regjeringa legg vekt på, i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, at vi står overfor fire store utfordringar: å skape eit berekraftig velferdssamfunn, å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning, å skape eit sosialt berekraftig samfunn, å skape eit trygt samfunn for alle. Det forventast at kommunane legg til rette for vekst og utvikling i kompakte og klart avgrensa byområde gjennom samordna areal- og transportplanlegging. Planane fastset utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekk i transportsystemet. Regjeringa meiner det er viktig å lokalisere hovudtyngda av handelsverksemd, bustadbygging og arbeidsplass- og besøksintensive verksemder innanfor tettstader som er definerte og avgrensa gjennom kommunal planlegging

Kommunal arealplanlegging skal ta utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale mål, føringar og forventningar. På nasjonalt nivå ligg det føre statlege planretningsliner og nasjonale forventningar til kommunal planlegging. På regionalt nivå er det fleire planar som legg grunnlaget for kommunal arealplanlegging, men det er særleg Regional areal- og transportplan (RATP) som skal sikre ei heilskapleg planlegging av bustad, areal og transport i Hordaland. Denne planen har som overordna mål at utbyggingsmønster og transportsystem skal gje effektiv utnytting av samfunnsressursar og infrastruktur. Samordna planlegging og eit klimavenleg utbyggingsmønster skal leggje til rette for at transportveksten skjer i tråd med nullvekstmålet og at regional grønstruktur og kulturminneverdiar vert bevart.

Det er kommuneplanen sin samfunnsdel som legg grunnlaget for ønska samfunns- og arealutvikling i Lindås kommune. Kommunen vedtok sin samfunnsdel i 2017. Overordna føringar og prinsipp i samfunnsdelen er ei samfunnsutvikling som legg til rette for god folkehelse, gode levekår, livskraftige lokalsamfunn, trivsel, fellesskap, tryggleik, frivilligheit, inkludering og deltaking. Kommuneplanen sin samfunnsdel er bygd opp rundt åtte hovudtema med tydelige mål og strategiar. Det er totalt 19 mål og 98 strategiar som skal peike ut korleis samfunnsutviklinga i kommunen skal vere.

Kommuneplanen sin arealdel skal seie noko om arealkonsekvensen av dei mål og strategiar som ligg i samfunnsdelen. Arealdelen skal på mange måtar vere ei «kartmessig» spegling av måla i samfunnsdelen, og derfor er det naudsynt å vurdere dei enkelte arealinnspela opp om kommunens mål og strategiar i samfunnsdelen. Følgjande mål og strategiar har særlege konsekvensar for kommunen si arealplanlegging:

- STRATEGI 4: Utvikle grøntstrukturen i og rundt sentrum
- STRATEGI 5: Leggje til rette for offentleg og privat tenesteyting i Knarvik sentrum og omland
- STRATEGI 8: Sikre eit godt samspel mellom mjuke trafikanter, biltrafikk og næringslivet sitt behov.
- STRATEGI 10: Sikre offentleg areal for framtidig vekst og utvikling
- STRATEGI 11: Utvikle samanhengande gang- og sykkelvegar, og leggje til rette for sykkelparkering i sentrumsområdet
- STRATEGI 12: Sikre god pendlarparkering i og rundt Knarvik, og ha enkel kopling til kollektivtransport

- STRATEGI 13: Vi vil arbeide for å etablere raske og enkle kollektivalternativ mellom regionsenteret og Bergen, på sjø og land
- STRATEGI 16: Vidareutvikle Mongstad og Knarvik-området som knutepunkt for næringsutvikling
- STRATEGI 17: I hovudsak samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og FV57
- STRATEGI 18: Bruke sjøen og kystlina i større grad til næringsretta aktivitet, med vekt på berekraftig utvikling og miljø
- STRATEGI 23: Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket
- STRATEGI 24: Regulere og oppretthalde areal på land og i sjø til havbruk der det er miljømessig forsvarleg
- STRATEGI 31: Auke arealutnyttinga i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og i nærleiken til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod
- STRATEGI 32: Leggje til rette for spreidd busetnad og mindre byggjefelt i heile kommunen
- STRATEGI 33: Leggje til rette for møteplassar og uterom som sikrar fellesskap, aktivitetar, leik og sosialt samvær
- STRATEGI 34: Sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa
- STRATEGI 35: Sikre variert bustadbygging til folk i ulike livsfasar
- STRATEGI 36: Leggje til rette for at bumiljøa har område der alle kan vere i aktivitet
- STRATEGI 37: Leggje til rette for å bruke natur og friområde som ein kvalitet i og rundt bumiljøa
- MÅL 8: Vi vil utvikle nærsentra Lindås og Ostereidet vidare
- STRATEGI 55: Utvikle nødvendig infrastruktur slik at fleire skal kunne nytte miljøvennlege transportmiddel
- STRATEGI 57: Leggje til rette buområde og aktivitetar som sikrar redusert behov for lokaltransport
- STRATEGI 58: Ha auka fortetting i regionsenter og nærsentra
- STRATEGI 59: Byggje ut infrastruktur som legg til rette for mjuke trafikantar
- STRATEGI 62:  Ta vare på jordressursar ved utbygging, og bruke dette på areal som er i bruk eller tidlegare ikkje vore brukt
- STRATEGI 72: Utvikle nærmiljø, areaner og møteplassar som sikrar at alle kan delta og høyre til
- STRATEGI 75: Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv

<u>Kunnskapsgrunnlag/føringar:</u>
Kommuneplanens samfunnsdel
Regionaplan
Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019-2023)

| | |
|---|---|
| (grøn) | • I tråd med nasjonale og regionale føringar, samfunnsdel og planprogram. |
| (gul) | • Innspel som er i tråd med mål og strategiar i samfunnsdelen, men delvis eller i konflikt med nasjonale og regionale føringar. |
| (raud) | • I konflikt med nasjonale og regionale føringar, samfunnsdelen og planprogram. |

## 2.1.2. FORUREINING, KLIMA OG MILJØ

Bakgrunn

*Forureining* inkluderer både forureining av grunn, vatn og luft. Forureina grunn er jord eller berggrunn med ein konsentrasjon av helse- eller miljøfarlege stoffar som er høgare enn det normverdiar i Forurensningsforskrifta § 2-3 . Ved etablering av ny busetnad og anlegg i område med forureina grunn må krav i Forurensningsforskrifta følgjast. Temaet inneber òg ei vurdering av om etablering av ny verksemd eller nye tiltak kan medføra fare for ny forureining av grunn, luft eller vatn eller forverra situasjonen.

*Støy* påverkar helsa i befolkninga. Temaet er eit viktig tema i arealplanlegginga. I anbefalinga frå *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging,* T-1442, står det at:

*Gul sone er en vurderingssone hvor kommunene bør vise varsomhet med å tillate etablering av nye boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager. I utgangspunktet bør slik bygningar bare tillates dersom man gjennom avbøtende tiltak tilfredsstiller grenseverdiene i tabell 3.*

*Rød sone angir et område som på grunn av det høye støynivået er lite egnet til støyfølsomme bruksformål. I rød sone bør kommunen derfor ikke tillate etablering av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager. Kommunen bør også være varsom med å tillate annen ny bygningar eller arealbruk med støyfølsomt bruksformål.*

*Klimagassutslepp og energiforbruk* påverkast av transportavstandar. Nærleik til daglege funksjonar som skole, arbeid, offentlege tilbod og daglegvarehandel vil gje lågare utslepp. Omfang av, og nærleik til kollektivtransport kan dempe negative verknader av avstandar til nokre tilbod.

Kunnskapsgrunnlag:

Miljødirektoratet, forureina grunn: https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/Dataset/Details/50

Regional klima og energiplan 2014 – 2030. Hovudplan for vatn og avløp.
Strategisk støysonekart (Geonorge Kartverket og støysoner i KPA 2011-2023.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med forureining, klima og miljø. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg i område med kjend forureina grunn vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bustad-/fritidsbustad i områder i gul støysone vurderast til gult.<br>• Nye areal til bustader (inntil 4) i områder utan nærleik til skole/barnehage (meir enn 2 km), områder med høg arbeidsplasskonsentrasjon og offentlege tilbod vektast til gult. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg i område med kjend forureina grunn vurderast til gult/raudt.<br>• Nye områder for bustad/fritidsbustad i områder i raud støysone vurderast til raudt.<br>• Nye områder for bustader (meir enn 4) i områder utan nærleik til skole/barnehage (meir enn 2 km), områder med høg arbeidsplasskonsentrasjon og offentlege tilbod vektast til gult/raudt. |

## 2.1.3. LANDBRUK OG JORDRESSURSAR

Bakgrunn:

Jordvernet skal stå sterkt, jf. bl.a. jordlova og nasjonal jordvernstrategi. Omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark bør ein unngå. Særleg viktig er større samanhengande områder. Areal som ikkje er i bruk i dag, må liggja urørt dersom det er landbruksareal av et visst omfang, og kan takast i bruk på nytt av nye generasjonar. Ein komplett eigedom treng både slåtteland og beiter. Skog av høg bonitet har og verdi i landbrukssamanheng.

Kunnskapsgrunnlag:

Kommunen sin landbruksplan og kjerneområde landbruk (omsynssone landbruk – dei mest verdifulle landbruksareala i Lindås, både med omsyn til dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) og kulturlandskap). Gardskart AR5.

| | |
|---|---|
| Grøn | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med landbruk og jordressursar.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som støttar opp om eksisterande gardsbruk/gardsdrift vurderast som positivt. |
| Gul | • Nye areal til bygningar og anlegg i områder med potensial for jordbruk eller skogdrift vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder som bind saman areal for jordbruk vurderast til gult om dei kan erstattast, eller raudt om dei ikkje kan erstattast og gjer det vanskeleg å drive på ein god måte. |
| Raud | • Nye areal til bygningar og anlegg i områder som bind saman areal for jordbruk vurderast til gult om dei kan erstattast, eller raudt om dei ikkje kan erstattast og gjer det vanskeleg å drive på ein god måte.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder med dyrka mark vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder med drivverdig skog med høg bonitet vurderast til raudt. |

## 2.1.4. NATURMANGFALD, VASSMILJØ OG VERNA VASSDRAG

Bakgrunn
Det biologiske mangfaldet og vassressursar skal i tilstrekkeleg grad sikrast for framtida, og skal ha ei særskild vurdering når kommunar vurderer å taka i bruk nye areal til utbygging. I tillegg skal det gjerast ein vurdering av om tilgrensande område vert påverka. Naturmangfaldslova og vassforskrifta gjer føringar for forvaltninga av disse ressursane.

Kunnskapsgrunnlag:
Naturmangfaldslova. Naturbase. Miljødirektoratet; utvalt naturtypar, naturvernområder, viktige naturtyper og artfunksjonsområder. Naturtyperegisteringar. Fiskeridirektoratet sine kartdatabasar. Vassforskrifta.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som direkte rører ved vassdrag og vassførekomstar vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder med vassdrag og vassførekomstar i tilkopling til verna vassdrag og vassførekomstar vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som rører ved vassføring i vassdrag og vassførekomstar som er tilførsel til våtmark med registrerte raudlista arter vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg tett på områder med kjende trua artar og naturtypar som kan verte negativt påverka av utbygginga vurderast til gult/raudt |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg som direkte rører ved vassdrag og vassførekomstar vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg tett på områder med kjende trua artar og naturtypar som kan verte negativt påverka av utbygginga vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder med kjente trua artar og naturtypar vurderast til raudt. |

| **2.1.5. LANDSKAP** | |
|---|---|
| Bakgrunn:<br>Landskapsformar er ein viktig del av dei identitetsskapande elementa i kommunen. Det skal gjennomførast en vurdering av landskapsverknader av nye byggeområde, og om tiltak råkar viktige landskapselement. Det vert lagd vekt på eksponering, terrenginngrep og ivaretaking av dei viktigaste landskapsdraga.<br><br>Kunnskapsgrunnlag:<br>Miljødirektoratet; verdifulle kulturlandskap. NIBIO. Kartgrunnlag, landskapskart, flyfoto, synfaring og fagleg vurdering | |
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med landskap. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg i bratte og eksponerte områder vurderast til gult.<br>• Bebygde områder ved (innsjøar)/tjern som vert fortetta vurderast til gult.<br>• Ubebygde skogsområde som vert fjerna av nye areal til bygningar og anlegg vurderast til gult. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg i som fjernar eller endrar markerte høgdedrag vurderast til raudt<br>• Ubygde områder ved (innsjøar)/tjern som vert råka av nye areal til bygningar og anlegg vurderast til raudt.<br>• Opne myrlandskap som framstår som dominerande landskapstrekk innanfor området, og som vert fjerna av nye areal til bygningar og anlegg, vurderast til raudt. |

### 2.1.6. NÆRMILJØ, GRØNSTRUKTUR OG FRILUFTSLIV

Bakgrunn:
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv heng tett saman. Nasjonal politikk og strategiar har som målsetting at kommunane i Noreg skal leggje til rette for eit aktivt friluftsliv kor alle skal kunne driva helsefremmande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærområda. Område av verdi for friluftsliv skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teken i vare (Prop. 1 S (2023-2014)). Dei nasjonale målsettingane og føringane stemmer godt med Lindås kommune sitt val av folkehelse som overordna og førande prinsipp for samfunnsdelen kor bruk av natur og friluftsområde er ein sentral del av ein aktiv kvardag. Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen held også fram at ein skal forvalta natur- og friluftsområde for framtidige generasjonar, sikre gode ulike typar møteplassar, grønstruktur, snarvegar og tilkomstar til friområde, og legge til rette for ein tydlegare kolbing mellom sjø og land.

Konsekvensutgreiinga vil avklare forholdet til kartlagde og verdsette friluftsområde. Dei vil bli vurdert i forhold til korleis dei styrkar eller kommer i konflikt og forringer statleg sikra friluftsområde og/eller kartlagde friluftsområde. Den vil også vurdera korleis innspela påverkar, kommer i konflikt med eller forringer uformelle møteplassar, leikeplassar, grønstruktur og nærmiljøanlegg

Kunnskapsgrunnlag:
Bergen og Omland friluftsråd sin kartlegging og verdsetting av friluftsområde 2015-2017, gjennomført Barnetråkk, innspel på tema og lokal kunnskap.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med nærmiljø, grønnstruktur og friluftsliv. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som kjem så tett på etablerte turløyper/turdrag at det verkar forringande på opplevinga, vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som bryt etablerte tilkomstar og snarvegar til naturområde/grøntareal vurderast til gult/raudt. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg som bryt etablerte tilkomstar og snarvegar til naturområde/grøntareal vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med kartlagde viktige friluftsområde vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som bryt etablerte turløyper/turdrag utan at dei kan erstattast i nærleiken vurderast til raudt. |

### 2.1.7. KLIMATILPASSING

Bakgrunn:

Tilpassing til klimaendringar vil all hovudsak måtta gjerast i detaljreguleringar, samstundes er det konsekvensar av endringar i arealformål som skal vurderast på kommuneplannivå. Ekstremnedbør, regnflaum, jord- flaum- og sørpeskred og stormflo er blant dei mest aktuelle konsekvensane av klimaendringar i området (ref. Norsk klimaservicesenter sin «Klimaprofil Hordaland»).
Elvedrag, bekkefar, fordrøyning og infiltrering av vatten i grunnen er viktige naturelement som kan hjelpe oss i handteringa av økt nedbør; open overvatnshandtering bør soleis sjåast på som ein strategisk resurs i klimatilpassing.

Kunnskapsgrunnlag:

Klimatilpassing.no. DSB-veileder «Klimahjelperen» (2015). NVE karttenester.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med klimatilpassing. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som råkar vassdrag og vassførekomstar vurderast til gult. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg langs sjø, under nivå for forventa havnivåstigning vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med kjende flaumvegar vurderast til raudt. |

## 2.1.8. STRANDSONE

Bakgrunn:
Lindås kommune er plassert i kategori 2, jfr. statleg planretningslinja for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen - det vil seie andre område der presset på areala er stort. Nye naust- og aktivitetsområde kan kome i konflikt med eksisterande eller ønska bruk av strandsona.

Kommunen har gjennomført ei kartlegging av funksjonell strandsone, for strekninga Alverstraumen, Alversund og Knarvik, samt Mundal-Molvik. Prinsippa som vart lagd til grunn for kartlegginga er og lagd til grunn for vurderinga av dette temaet; tilgjenge til strandsona frå sjø; landskap / visuell eksponering frå sjø (uavhengig av vegetasjon); registrert naturmangfald og strandsone som står i direkte økologisk samspel med sjøen (særleg fugleliv); bruk til friluftsliv; sjørelaterte kulturminne som kan syne samband mellom sjøen og landbasert aktivitet opp gjennom historia; urørt strandsone/inngrep.

Kunnskapsgrunnlag:
Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Strandsonekartlegging, vedlegg til KPA 2011. Plankart for gjeldande KPA, KDP Knarvik-Alversund og KDP Alversund.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til strandsona. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal til bygningar og anlegg som fjernar etablert tilkomst til strandsona vurderast til raudt om den ikkje kan erstattast innanfor same område, gult dersom tilkomsten kan reetablerast utan urimelege omvegar og med minst same moglegheit for universell utforming. |
| (raud) | • Nye areal til bygningar og anlegg innanfor kartlagd funksjonell strandsone vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg innanfor 100-metersbeltet, og der det ikkje er fastlagd anna byggegrense, vurderast til raudt dersom dei kjem i konflikt med:<br>  o tilgjenge til strandsona frå sjø<br>  o landskap / visuell eksponering frå sjø (uavhengig av vegetasjon)<br>  o registrert naturmangfald og strandsone som står i direkte økologisk samspel med sjøen (særleg fugleliv)<br>  o bruk til friluftsliv<br>  o sjørelaterte kulturminne som kan syne samband mellom sjøen og landbasert aktivitet opp gjennom historia<br>  o urørt strandsone/inngrep. |

## 2.1.9. KULTURMINNER OG KULTURMILJØ, AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Bakgrunn:
Kulturminne er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø. Kulturminnelova §9, sikrar plikta om undersøking på reguleringsplannivå. Kulturminne kan bli råka av ny utbygging, både ved direkte nedbygging og ved bygging så nært at kulturminna mistar sin opphavelege kontekst. Konsekvensutgreiinga på kommuneplannivå skal vurdera innspel som kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne, verdifulle kulturlandskap, gardstun og gamle ferdselsårer.

Kunnskapsgrunnlag:
Sefrak og Askeladden. Riksantikvaren; KULA-område Indre farlei (Riksantikvaren 2018), Den Trondhjemske postveg

| | |
|---|---|
| | • Nye areal til bygningar og anlegg i områder med ingen kjende kulturminne, potensialet for funn er lavt og det ikkje er SEFRAK-registrerte bygningar i området vurderast til grønt. Innspel som tar sikte på å auke tilgjenge til, eller på annan måte styrkar kulturminne/kulturmiljø vert vektlagd positivt. |
| | • Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med verdifulle kulturlandskap, gardstun, gamle ferdselsårer vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg med registrerte Sefrakbygg vurderast til gult. |
| | • Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med verdifulle kulturlandskap, gardstun, gamle ferdselsårer vurderast til gult/raudt.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som kjem i konflikt med freda kulturminne vurderast til raudt |

## 2.1.10. SOSIAL INFRASTRUKTUR

Bakgrunn:
Kommunane har fritt tilgjenge til å sette rekkefølgjekrav til utbyggingar i område utan nødvendig tilgjengeleg samfunnsservice. Manglande sosial infrastruktur kan verte ein stor utgift for kommunen i form av behov for nye utbyggingar eller skyssbehov. I tillegg er det viktig for barn og unge at dei vert knytt til lokalmiljøet gjennom skule og barnehage. Konsekvensutredninga skal difor vurdera om nye bustadområde kan dekkjast av eksisterande samfunnsservice eller om det er behov for kapasitetsauke/nyetablering for å handtera bebuarane sine behov.
Vekst i folketal og kommunesamanslåing skal takast med i vurderinga.

Kunnskapsgrunnlag:
Befolkningsprognosar. Skulebruksplan. Barnehageplan. Prognose for utvikling av folketal, barnetal og elevtal i skulane sine inntaksområde (2010-2029). KDP for trafikksikring (2017-2020).

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til vurderingstemaet. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad som føreset skuleskyss (Under 4 bueiningar)<br>• Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad (under 4 bueiningar) i områder med manglande kapasitet i skule og barnehage. |
| (raud) | • Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad med særleg farleg skuleveg<br>• Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad som føreset skuleskyss (over 4 bueiningar)<br>• Nye areal for bustad og LNF-spreidd bustad (over 4 bueiningar) i områder med manglande kapasitet i skule og barnehage. |

## 2.1.11. TRANSPORTBEHOV, SAMORDNA AREAL- OG TRANSPORTPLANLEGGING

Bakgrunn:
Planprogrammet seier at ein skal følgje opp nasjonale forventningar om ein berekraftig areal- og samfunnsutvikling med attraktive og klimavenlege tettstadsområde. Samordninga av areal- og transportplanlegginga er avgjerande for å lykkast med ei klimavenleg utvikling. Lokalisering av framtidige buområde, handel og tenestetilbod skal sentrerast rundt senterområda som i størst grad reduserer behovet for bilbruk og som aukar bruken av kollektivtransport, sykkel og gange.

Kunnskapsgrunnlag:
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Avstandsmåling i www.nordhordlandskart.no, KDP for trafikksikring (2017-2020).

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til transportbehov, samordna areal- og transportplanlegging. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Ny areal til bustad eller LNF-spreidd bustad (inntil 4 bueiningar) med meir enn 5 km frå eksisterande senterområde/lokalsenter, vurderast til gult.<br>• Nye areal til bustad eller LNF-spreidd bustad (inntil 4 bueiningar) utan kollektivtilbod og som ikkje er påkopla gang- og sykkelvegnettet vurderast til gult<br>• Nye areal til næring som ikkje ligg langs E 39 eller Fv. 57 vurderast til gult. |
| (raud) | • Ny areal til bustad eller LNF-spreidd bustad (meir enn 4 bueiningar) med meir enn 5 km frå eksisterande senterområde/lokalsenter, vurderast til raudt.<br>• Nye areal til bustad eller LNF-spreidd bustad (meir enn 4 bueiningar) utan kollektivtilbod og som ikkje er påkopla gang- og sykkelvegnettet vurderast til raudt. |

### 2.1.12. TEKNISK INFRASTRUKTUR – VEG, VATN OG AVLØP (VA), HANDTERING AV OVERVATN

Bakgrunn

Tilgang til offentleg infrastruktur som VA-anlegg og veg kan utgjere vesentlege kostnader for kommunen, både omgåande og med tanke på framtidig drift. Samtidig har Lindås kommune nokre utfordringar med utslepp frå private anlegg. I framtida er det ynskjeleg at alle bygningar og anlegg vert påkopla det offentlege VA-anlegget.

Areal som ligg innanfor omsynssone  E39 (dagsone)

Kunnskapsgrunnlag:

Hovudplan for VA, VA norm for Lindås kommune, kartgrunnlag og fagleg vurdering.

| | |
|---|---|
| Grøn | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til behov for teknisk infrastruktur. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| Gul | • Nye areal til bygningar og anlegg som krev til dels omfattande tilrettelegging for tilkopling til kommunen sitt VA-anlegg, eller til dels omfattande etablering av ny veg, vurderast til gult.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg som ligg i omsynssone E39(dagsone) |
| Raud | • Nye areal til bygningar og anlegg i områder som krev omfattande tilrettelegging for, ikkje kan koplast på VA-anlegget til kommunen, eller krev omfattande etablering av ny veg, vurderast til raudt. |

### 2.1.13. SAMFUNNSTRYGGLEIK, RISIKO OG SÅRBARHEIT

Bakgrunn:

Som en del av planarbeidet er det utført ei sårbaranalyse for å avdekkja behovet for vidare kartlegging av risiko. Vurderinga under dette temaet er i sin heilskap basert på denne.

Kunnskapsgrunnlag:

Nasjonale databasar for naturfarar (flaum, skred, radon etc.), infrastruktur, transport av farleg gods, drikkevannskilder, mv.  FylkesROS Hordaland.  NOU 2016: Samhandling for sikkerheit – Beskyttelse av grunnleggande samfunnsfunksjonar.

| | |
|---|---|
| Grøn | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt i forhold til samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| Gul | • Nye areal til bygningar og anlegg innanfor område med avdekka farar og sårbarheiter som vurderast mogelege å handtera med avbøtande tiltak ved utbygging vurderast til gult. |
| Raud | • Nye areal til bygningar og anlegg innanfor område med avdekka farar og sårbarheiter som vurderast slik at dei vil vera urimeleg kostbare eller på anna vis umogelege å handtera med avbøtande tiltak ved utbygging, vurderast til raudt. |

## 2.1.14. FOLKEHELSE

Bakgrunn:

Folkehelse er eit av to overordna prinsipp i samfunnsdelen. Arealdelen skal støtta opp om ambisjonen om gode levevilkår og betre livskvalitet for alle i Lindås kommune. Arealdisponeringa skal legge til rette for å utvikle lokalsamfunn som fremjar helse, aktivitet, legg til rett for gode møteplassar, utjamnar sosial skilnader i helse og bidreg til deltaking, gir gode sosiale- og miljømessige forhold og berekraftige velferdstenester.

I arealdisponeringa skal det vektleggast at nye bustadområde har:

- Tilgjengeleg for gange, sykkel – eller kollektiv
- Gangavstand til turstiar, grøntområde og/eller servicetilbod, offentlege tenester mv
- Møteplassar inne/ute som inviterer til deltaking for alle

Kunnskapsgrunnlag:

Regional plan for folkehelse; fleire gode leveår for alle 2014-2025. Bustadsosial handlingsplan for Lindås kommune

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med folkehelse. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Nye areal for framtidig utbygging er i konflikt med folkehelse<br>• Nye areal tilbygningar og anlegg i områder som er utsett for støy (gul støysone), luftforureining som kan påverke folkehelsa.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder som bygger ned tilgangen til grønstruktur og friluftsliv. |
| (raud) | • Nye areal for framtidig utbygging er i vesentleg konflikt med folkehelse<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder som er utsett for støy (raud støysone), luftforureining som kan påverke folkehelsa.<br>• Nye areal til bygningar og anlegg i områder som ikkje er moglege å nå med kollektivtransport, eller vil krevje ein uforholdsmessig dyr/krevjande tilrettelegging for sykkel eller gange. |

## 2.1.15. BARN OG UNGE

Bakgrunn:
Konsekvensar for barn og unge skal vurderast etter rikspolitiske føresegn for barn og unge.
Når det gjeld krav til fysisk utforming er følgjande spesielt viktig:

- areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal sikrast mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare
- i nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føreset blant anna at areala:
    - er store nok og eignar seg for leik og opphald
    - gjev høve for ulike typar leik på ulike årstider
    - kan brukast av ulike aldersgrupper
    - og gjev høve for positiv samhandling mellom barn, unge og vaksne
    ved omdisponering av område avsett/ regulert eller brukt av barn til leik, eller område eigna for leik, skal arealet erstattast.

Kunnskapsgrunnlag:
Lokal kunnskap om bruk, og tilsvarande om gangforbindelsar og snarveier.

| | |
|---|---|
| (grøn) | • Nye areal for framtidig utbygging har ingen vesentleg konflikt med barn og unge sine oppvekstvilkår og høve til fri utfalding. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. |
| (gul) | • Ny bygningar og anlegg som fjernar areal som nyttast av barn og unge utan mogelegheit for erstatningsareal i nærleiken vurderast til raudt. Med mogelegheit for omdisponering av areal til leik/opphald for barn i direkte nærleik vurderast utbygging til gult.<br>• Ny bygningar og anlegg som negativt påverkar areal som nyttast av barn og unge, men ikkje fjernar areala vurderast til gult.<br>• Ny bygningar som forringar tilkomst til friområde/leikeområde vurderast til gult. |
| (raud) | • Ny bygningar og anlegg som fjernar areal som nyttast av barn og unge utan mogelegheit for erstatningsareal i nærleiken vurderast til raudt. Med mogelegheit for omdisponering av areal til leik/opphald for barn i direkte nærleik vurderast utbygging til gult.<br>• Ny bygningar som fjernar tilkomst til viktige friområde/leikeområde utan moglegheit for erstatning av tilkomsten utan unødig omveg vurderast til raudt.<br>• Ny bustadbygningar utan tilgjenge på leike- og idrettsområde vurderast til raudt. |

# 3. KONSEKVENSUTGREIING

Konsekvensvurdering av enkeltinnspel og tilråding av om innspelet heilt eller delvis skal takast inn i planen, er omtalt i kap. 4. Her følgjer ei vurdering av dei samla konsekvensane av heile planforslaget. Vurderinga er delt i tre bolkar; samla vurdering for arealføremåla, samla vurdering for kvart enkelt KU-tema og samla sett opp mot samfunnsdelen, strategiar og regionale/statlege føringar. Planforslaget er under kvart tema vurdert opp mot 0-alternativet (ingen revidert plan).

## 3.1. KRAV TIL VURDERING AV SAMLA KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET

For kommunedelplanen, krev KU-forskrifta at ein skal vurdere dei samla verknadane som dei nye endringane vil ha. Dette inneber at dei einskilde områda vert sett i samanheng og at ein ser kva verknadar summen av endringar vil ha for miljø og samfunn. Dette dannar grunnlag for å vurdere om den samla belastninga vert for stor og ein har moglegheit til å justere dette før planen vert lagt ut på høyring.

Miljødirektoratet sin rettleiar for KU hald fram at;

*«Formålet med vurdering av samlede virkninger arealforslagene er å; gi grunnlag for å vurdere utbyggingsforslag og endre planen før offentlig ettersyn, om virkningene av planen samlet sett ikke vurderes akseptable i forhold til miljø og samfunn».*

Vurderinga av innspel relaterast til behovet for dei ulike typane areal det har kome innspel om. I overordna konsekvensutgreiing ser ein til at behovet vert møtt med dei mest tilrådde innspela, og at samla konsekvensar og risiko ikkje er omfattande. Er samla konsekvens omfattande, må ein sjå om ein kan møte behovet på annan måte. Vidare vert det gjort ei vurdering utifrå dei viktigaste føremåla i planen og utifrå tema som er vurdert for dei einskilde tema.

## 3.2. SAMLA FOR AREALFØREMÅL

Nye byggeformål blir sett i samanheng med eksisterande byggeområder og reguleringsplaner. Negative konsekvensar og konfliktar er søkt gjort reie for.

| SAMLA KONSEKVENSUTGREIING FOR AREALFØREMÅL | |
|---|---|
| AREALFØREMÅL | OMTALE AV RÅDMANNENS FORSLAG |
| Offentleg tenesteyting | Det er eitt nytt felt som er lagt inn, ein del areal til off/privat vert teke ut av planen.<br><br>Nytt areal til offentleg tenesteyting er 25 daa.<br>Arealet skal nyttast til eit nytt bufellesskap med 7 einingar og ein personalbase for ei brukargruppe som ikkje har eit fullgodt tilbod i dag, det vil være eit tilbod som ein elles ikkje har i kommunen.<br><br>I planforslaget vert areal som er avsett til offentleg tenesteyting i Galteråsen på ca 70 daa endra til næringsareal. Arealet var tiltenkt ny skuletomt, men denne er no regulert i Alvermarka og behovet for skuletomt fell vekk. Behov for areal til offentleg eller privat tenesteyting i framtida vert dekka innanfor regulerte område i Knarvik og Alversund.<br><br>Samla konsekvens for offentleg eller privat tenesteyting er positiv. |
| Bustad | Kommunen har stor reserve regulert bustadareal, både innanfor planområdet og i kommunen ellers. Bustadreserven vurdert i høve til folketalsprognosane for åra framover tilseier at det ikkje vil være eit stort behov for å legge inn meir areal til bustad i denne planperioden. Samstundes ynskjer kommunen å utvida moglegheitene for vidare utvikling av eit område i tilknyting til eksisterande buområde. Dette gjeld ei feltutbygging i Langheiane på ca 21 daa. I tillegg vel kommunen å endra tilgangen på friområde og allmennyttig føremål, ved å legge ut tre områder (5,5 daa) til bustad/friområde i Oterdalen.<br>Eksisterande bustadområde og barnehagetomt på Tveiten er endra til bustad. Endringane inneber at bustadarealet aukar med totalt ca 3,8 daa, deler av dette arealet er utbygd.<br><br>Areal avsett til bustad vert redusert med 88 daa i Lonena(ref. redusjon i områdeplan for Lonena). Samla sett vert bustadarealet redusert med ca 58 daa i planperioden. Det er likevel ein stor busstadreserve innanfor planområde.<br><br>Samla konsekvens for bustad er positiv og bidreg til å styra vekstkrafta inn mot områder i nærleiken av Knarvik |
| Næring | Kommunedelplanforslaget inneheldt totalt ca 133,5 daa nytt næringsareal fordelt på fire område, Galteråsen, Hagalia, Gjervik og Alversund. Lindås har store reserve på areal som er avsett til næring i gjeldande planar. Behovet for nytt næringsareal er først og fremst knytt til utvikling av regionsenteret Knarvik. Ein del av verksemdene som i dag er lokalisert i Knarvik skal på sikt flyttast ut av sentrum og treng attraktive nye areal i nærleiken av Knarvik, arealbehovet er vurdert til å være ca 55 daa.<br>Tilgjengeleg næringsareal er vesentleg for å sikra utvikling av regionsenteret Knarvik og leggje til rette for å få etablert nye arbeidsplassar sentralt i kommunen.<br>Områda Hagalia og Gjervik er endra til kombinert føremål næring/tenesteyting og forretning/industri, etter 1. gangs høyring.<br><br>Samla konsekvens for næringsareal er positiv. |

| | |
|---|---|
| LNF-spreidd bustad | Det er lagt inn 11,8 daa nytt areal til LNF spreidd bustad i planframlegget. Eksisterande LNF-spredt bustad på Erstad vert vidareført med 0 einingar. Samla konsekvens for LNF-spreidd bustad er ei moderat auke i tilgjengeleg areal for føremålet. |
| LNF-spreidd næring/ Jordmassar | Det er teke med to innspel på mottak av jordmassar på til saman 21,8 daa. Arealet er samla sett avgrensa, og det er positivt at lokaliseringa er sentral i nærleiken av nye utbyggingsprosjekt. Endringa er i tråd med strategi 62 «ta vare på jordressursar ved utbygging, og bruke dette på areal som er i bruk eller tidlegare ikkje har vore i bruk»<br><br>Samla konsekvens av for LNF-spredt næring for mottak av jordmassar er positiv. |
| LNF spredt næring Gardsutsal/atelier/ galleri | Det er teke med 4 innspel på etablering av gardsutsal der det eine er et lokale som og skal nyttast til utstilling/atelier. Samla areal for innspela er 7,7 daa. Etableringa er i tråd med strategi 23, «Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket»<br>Samla konsekvens for LNF spreidd næring til gardsutsal er svært positivt. |
| Naust | Det er lagt inn eitt nytt areal på 1,2 daa for naust som er i samsvar med eksisterande bruk, det vert opna opp for eit nytt naust innanfor arealet.<br><br>Arealendringa er i samsvar med eksisterande bruk, og vil ha liten/ingen konsekvens. |
| Sentrumsføremål | I Alversund er det sett av eit areal på 27 daa til sentrumsføremål. Arealføremåla er i gjeldande KDP næring, offentleg/privat tenesteyting, LNF og vegareal. Sentrumsføremål gjev ei meir fleksibel ramme utvikling og styrking av Alversund som eit lokalt sentrum i den mest folkerike delen av kommunen. Føringar for detaljplanarbeidet vil sikra at Alversund ikkje konkurrerer med regionsenteret Knarvik, mellom anna ved at det vert opna opp for eit svært avgrensa areal til handel.<br><br>Samla sett vert det vurdert som positivt å leggje til rette for vidareutvikling av dette arealet i Alversund. |
| Vegføremål | Ny Alversund bru er innarbeidd i planframlegget med 4,2 daa nytt areal til vegføremål. I tillegg er det sett av areal i gjeldande plan til veg for ny bru. Eksisterande bru skal erstattast i løpet av få år. Ny bru omfattar ei vesentleg utbetring av infrastruktur for gåande og syklande i Alversund.<br><br>Samla sett vert arealendringa vurdert som positiv |

## 3.3. SAMLA FOR KU-TEMA

| SAMLA KONSEKVENSUTGREIING FOR KU-TEMA | | |
|---|---|---|
| TEMA | OMTALE | |
| Forureining , klima og miljø | Dei fleste innspela vurdert til å ha ingen vesentleg konflikt innanfor vurderingstemaet. Nokon innspel visar ein konflikt i forhold til klimagassutslipp; både i form av nedbygging av myr og noe økt utslipp som resultat av økt transportbehov.<br><br>0-alternativet vil i mindre grad ivareta omsynet til Forureining, klima og miljø | |
| Landbruk og jordressursar | Planforslaget råkar i nokon grad Landbruk og jordressursar. Det er foreslått nye utbyggingsområde som råkar dyrka jord og areal som ligg i omsynssone landbruk. Noko skogareal med særleg og høg bonitet vert omdisponert til | |

| | |
|---|---|
| | utbyggingsareal. Samstundes legg planframlegget også opp til jordforbetringstiltak i samband med areal for massehandtering.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Landbruk og jordressursar |
| Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | Det vert ikkje lagt inn nye byggeområde i sterk konflikt med tema. Noko skog og mindre myrområde vert berørt, samt at nokre moglege konfliktar med tema må kontrollerast nærare ved detaljregulering .<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag |
| Landskap | Fleire av endringane i planforslaget råkar vurderingstema, men der kor det er innspel som er i konflikt med tema er det skildra og vil bli fylgd opp i detaljreguleringa. Det er gitt føresegn om ivaretaking av landskap i planforslaget.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Landskap |
| Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | Det har vært fokus i planarbeidet å ta vare på og vidareutvikla samanhengande blå-grøne strukturar. Utvidinga av næringsarealet på Galteråsen og Hagalia råkar omsynet til målsettinga om å sikra tilgang til friluftsliv og ta vare på eksisterande grøntstruktur og har ein sterk konflikt med vurderingstema. Avgrensing og føringar for utvikling av næringsområdet skal i størst mogeleg grad ivareta friluftsinteressene og skal sikrast i detaljreguleringa. Vidare er det også vurdert at endringa til bustad for B8 er i motstrid til vurderingstema.<br><br>Samstundes meiner kommunen at planforslaget sitt fokus på snarvegar, etablering av kyststi, postvegen og parkering i tilknyting til utfartsområde samla sett vil bidra til å styrkje friluftslivet i området.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv |
| Klimatilpassing | Ingen innspel har ein vesentleg konflikt med klimatilpassing, men området i Langheiane tek med areal som kan vere utsett for flaum.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Klimatilpassing |
| Strandsone | Det er ikkje foreslått nye byggeområde i konflikt med strandsona, unntaket er naustområdet på Alverneset, men dette er eksisterande og det vert berre opna opp for eit naust i tillegg. Etablering av kyststi vil gjere strandsona mellom Alversund og Knarvik tilgjengeleg for ålmenta. Hagalia ligg utanfor funksjonell stranssone, men innanfor 100 meters beltet og detaljreguleringa må leggja vekt på å ikkje byggje ned kvalitetane for dei som ferdast i området. Innspelet om bustad i Gjervik er i konflikt med funksjonell strandsone og skal fylgjast opp i detaljreguleringa.<br>Samla sett vert planforslaget vurdert som positivt for tilgang for ålmenta til stransona.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Strandsona |
| Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | Nye foreslåtte byggeområder berører ingen kjente kulturminner. Planen gjer i føresegna rammer for å ivareta omsynet til kulturminner og kulturmiljø. Det er lagt inn nye omsynssoner for kulturmiljø for områder som vil ha særskilt fokus i høve til kulturminnevern.<br>Samla sett er det eit styrking av kulturminneinteresser i planframlegget.<br><br>0-alternativet vil i mindre grad ivareta Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner. |
| Sosial infrastruktur | Sosial infrastruktur har god kapasitet til å kunne handtere vekst i folketal i åra framover, med unntak av ungdomsskule i Knarvik og barnehage i Knarvik og Alversund, der kapasiteten må byggast ut. Området har god arealreserve |

| | |
|---|---|
| | innanfor KDP til å utvikla naudsynt sosial infrastruktur.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Sosial infrastruktur |
| Transportbehov | Det vert ikkje lagt inn nye byggeområde som medfører vesentleg auke i transportbehov. Kommunedelplanen vil ha små konsekvensar for samferdsel og transportbehov.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Transportbehov |
| Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | Nye byggeområde kan knyttast til offentleg infrastruktur, men nokon innspel har moglege konfliktar med vurderingstema og må finna løysningar i detaljreguleringa. Eit innspel om LNF-Bustad er i direkte konflikt med tema<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA |
| Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | Det er gjennomfør sårbarheitsanalyse for alle dei tilrådde innspela. Ingen av dei tilrådde innspela har farar og sårbarheiter som vurderast som urimeleg kostbare eller på anna vis umogelege å handtera med avbøtande tiltak. Overvatn ved ekstremnedbør er ikkje nemnd i oppsummeringa av potensielle farar. Årsaka til dette er at fara for overvatn vil gjelda alle dei innspelte områda og må takast omsyn til i vidare reguleringsplanarbeid eller byggjesak.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit. |
| Folkehelse | I all hovudsak medfører ikkje planforslaget noen vesentleg konflikt med vurderingstema og fleire av innspela vil bidra positiv inn på folkehelsa. Tre innspel er i direkte konflikt med vurderingstema. Der kor det er registrert ein konflikt med tema, vil dette bli fylgd opp med føresegn og vidare reguleringsarbeid.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Folkehelsa |
| Barn og unge | Det er to områder eller forslag i kommunedelplanen som vert vurdert å tydleg/sterk konflikt med barn- og unge sitt oppvekstmiljø. Områda må så langt som mogleg kompensera for denne konflikten i detaljreguleringane. Nokre av endringane i planforslaget vil kunne ha positiv verknad.<br><br>0-alternativet vil være utan konsekvensar for Barn og unge |

## 3.4. SAMLA SETT OPP MOT SAMFUNNSDELEN, STRATEGIAR OG REGIONALE/STATLEGE FØRINGAR

Utvikling av regionsenteret er ei viktig målsetjing både i samfunnsdelen, planprogrammet og i høve til statlege og regionale føringar for planarbeid. Det er opna opp for nytt areal til bustad i nærleiken av regionsenteret, dette mogleggjer at fleire menneske kan ha ein kortreist kvardag og støtta opp om utviklinga av sentrum i Knarvik. Det vert lagt til rette for nytt attraktivt sentrumsnært næringsareal til verksemder som skal ut av Knarvik. Når verksemder flyttar ut vert sentrumsareal frigjeve for utvikling.

Nye areal til LNF-spreidd næring er med på å styrkjer næringsgrunnlaget i landbruket, bidreg til lokal matproduksjon og skapar fleire nye møteplassar for innbyggarar og tilreisande.

Ny Alversund bru omfattar ei vesentleg utbetring av infrastruktur i Alversund, både for køyrande, gåande og syklande i Alversund. Planframlegget legg til rette for at Alversund kan utviklast som lokal møtestad i den mest folkerike delen av kommunen slik at fleire kan gå til daglege gjeremål.

# 4. KONSEKVENSUTGREIING OG ROS-ANALYSE AV ENKELTINNSPEL




LSB 2
LSN 1
LSB 1
B 5
B 1
B 2
SPA 1
LSN 3
B 3
LSN 2


N 4
BOP 1
LSN 5
LSN 5
LSN 4
LSN 4
LSN 6
H570_6
B 4
N 1
BAB 1


B 6
N 3
B 7
BAB 2
B 8
B 8
B 8
B 8
N 2

### 4.1.1. NÆRING

**N1**
**NÆRING – GALTERÅSEN**

**Gbnr.:** 137/13 og 137/804
**Føremål i dag:** Offentleg privat tenesteyting og LNF (delvis innanfor omsynssone friluftsliv)
**Areal storleik:** 106 daa
**Forslagstillar:** 2 innspel; Lindås tomteselskap(gbnr. 137/13)
Lihiba AS v/ Lars Øyvind Hillestad(gbnr. 137/804)



**Omtale av området:**
Området ligg ved Galteråsen næringsområde med avkøyring frå fv 565. Deler av arealet er avsett som offentleg privat tenesteyting(skuletomt)i gjeldande KDP. Barneskulen vert planlagt i Alvermarka og det er komme to innspel på å endra føremålet til næring. Samt innspel på vegutløysing for næringsområdet Alver sør gjennom Galteråsen.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Lokalisering i tråd med føringar i samfunnsdelen; nær avkøyrsle frå Fv. 57, utviding av eksisterande framfor ny etablering<br>Innspelet er i konflikt med STRATEGI 4: Utvikle grøntstrukturen i og rundt sentrum, STRATEGI 75: Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv. Nasjonale forventningar til planlegging fremheldt tilgang på grøne område for rekreasjon og naturopplevingar i byar og tettstadar som viktig omsyn i arealplanlegginga. |
| Miljø | Foreureining,klima og miljø | | 4,7 daa sentralt i området er registrert myrområde i Naturbase, er delvis gjengrodd. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Registrert skog med særleg høg bonitet. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Arealet ligg eksponert i kupert landskap, planering av tomtene vil medføra store terrenginngrep – viktig å ta vare på åsrygg som skjermar mot bustadområde og unngå stor skjering i nordvest. Myrområde i dalsøkket |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ligg delvis i LNF-område med omsynssone friluftsliv og grønnkorridor til friluftsområde. Ligg som kartlagt friluftsområde. Viktig åtkomst til store turområde. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø | | Ingen kjende konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Transportbehov | | Området ligg sentralt ift regionsenteret med kort veg til avkøyring frå fv 57. 2,7 km frå Knarvik. Etablert fortau. Middels god tilgjengelegheit med buss. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Vassforsyning, naudsynt å kople saman med ringleidning mot vassleidning i nord, god tilkopling på overordna vegnett Fv. 57.Uproblematisk |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred (snøskred), flaum i vassdrag, radonstråling og kjemikalieutslepp og annan foreureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Viktig friluftsområde i nærleiken av folketett område der det er planar om vidare bustadutbygging/deltaking og sosial utjamning |
| Samfunn | Barn og unge | | Området vert brukt av Trollskogen bhg, ei friluftsavdelinga nyttar området, arealet må erstattast elles må avdelinga leggast ned. |

**SAMLA VURDERING**

Innspela omfattar til saman 106 daa nytt næringsareal. Innspela er delvis i konflikt med nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv fordi ein sentral grønkorridor til friluftområdet vert broten. Vidare vert naturområder som er heilt sentrale i barnehagedrifta til Trollskogen bhg bygd ned om heile innspelet vert lagt inn i planen. I vurdering av innspelet er det søkt å ivareta både behov for nytt næringsareal og omsyn til grøntkorridor, tilkomst til friluftsområdet og barn og unge si bruk av området. Framlegget viser

| | |
|---|---|
| ei avgrensa utviding av næringsarealet på 56,3 daa og opprettheld grøntkorridor. Samanhengen mellom dei to næringsareala vert då brutt. Framlegget tek difor med ein mogeleg løysing med eit føresegnsområde for vegsamband. Denne må utformast slik at den gjer ein trygg og oversiktleg kryssing for turgåarar. | |
| **TILRÅDNING** | **NYTT KART** |
| Adm. tilrår å leggje inn utviding av næringsarealet på 56, 3 daa. Utvidinga inneber ei dobling av næringsarealet på Galteråsen. Framlegget tek omsyn til eksisterande grøntkorridor, som ein viktig kvalitet som må takast vare på for framtida.<br>I detaljplanlegging av næringsområdet må det òg takast omsyn til terrengform, unngå å bygga ned registrert myr, unngå høge skjeringar og eksponering av næringsområdet. Det vert opna opp for ny tilkomstveg mellom næringsområda i Alver sør og Galteråsen. |  |
| Endring etter PMU 19.juni; heile det opphavlege innspelet blir lagt inn i planforslaget. Areal 111 daa. Delar av Lindås kommune sin eigedom 137/13 vert endra til frå bustad og LNF til friområde mellom anna for å sikra areal til Trollskogen barnehage. |   |
| **ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019** |   |
| Del av næringsareal som ligg i omsynssone friluftsliv er teke ut. Næringsarealet er redusert til 88 daa. | |

**N2**

**NÆRING – HAGALIA/ området er endra til kombinert føremål næring/tenesteyting BKB 2 etter 1. gongs høyring**



**Gbnr.:** 185/347 og 185/277
**Føremål i dag:** Friområde
**Areal storleik: ca** 8 daa til næring/kontor
**Forslagstillar:** 3 innspel på same areal; Lindås tomteselskap, Industriutvikling vest, Hagelsundet eigendom

**Omtale av området:**
Innspelet er send inn som næringsareal. Kontor er imidlertid ikkje eit føremål under næring i kart- og planforskrifta, men skal handsamast som eit innspel om enten kombinert bygge- og anleggsføremål eller sentrumsføremål.
Innspelet gjeld utviding av eksisterande næringsareal for å løyse dagens utfordringar med parkering i tillegg til at det er behov for ytterlegare kontorareal og planar om utbygging av konferansesenter. Arealet er sett av til friområde og ligg i tilknyting til strandsona og kyststien i gjeldande KDP.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Mål #6 i samfunnsdelen held fram at «Lindås skal være ein attraktiv kommune for utvikling av fag- og kompetanse-arbeidsplassar». Ei nedbygging av natur og friområda i tilknyting til strandsona kjem i konflikt med strategi 4 «utvikle grønstrukturen i og rundt sentrum.» og strategi 37 «leggje til rette for å bruke natur og friområde som ein kvalitet i og rundt bumiljøa». |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Innspelet er i konflikt med registrert myr. |
| | Landbruk og jordressursar | | Registrert skog med høg bonitet, ellers ingen kjende konfliktar. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjent konflikt. |
| | Landskap | | Ca. 3 daa av arealet er myr. Vestlandsk skogåsar |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Arealet er sett av til friområde i gjeldande KDP. Sentrumsnært og vestvendt friområde. Nærleik til kartlagde friluftsområde på land og i vatn ved Haglsund bru. Området er brukt som fiskeplass. Ligg i tilknyting til planlagt kyststi. |
| | Klimatilpassing | | Kort veg til sentrum, men verksemda er pr i dag bilbasert og genererer ein del trafikk. |
| | Strandsone | | Ligg utanfor funksjonell strandsone men delvis innanfor 100 meters beltet. Samstundes vil ei så stor endring i arealbruken kunne gje ei ringare oppleving av ferdsla i strandsona. Dersom areala vert medtatt, må det leggjast særleg vekt på dette i reguleringsplanen. (se Nærmiljø, grønnstruktur og friluftsliv) |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Nærleik til 2 lokasjonar av fornminne. Automatisk freda kulturminne; busetting frå Steinalderen. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | 700 m frå bussterminalen i Knarvik, området ligg i gangavstand frå sentrum, men førebels er tiltaket bilbasert, dersom området vert utvikla må gangtilkomsten til sentrum utbetrast. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ligg i omsynssone for E39. Tilkomstveg, begrensa kapasitet i kryss mot Lindåsvegen i dag, uproblematisk ift vatn og avløp. Usikkert med omsyn til omlegging ift framtidig E39 |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn, flaum i vassdrag (myr), radonstråling, transport av farleg gods og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ei nedbygging av natur og friområda i tilknyting til strandsona vil byggja ned mogelegheita til å bruke natur og friområde som ein kvalitet i og rundt bumiljøa. Reduserer friområde med tilgang til fiskeplass i gangavstand frå sentrum. |
| | Barn og unge | | Viktig å ta vare på større samanhengande grøne lunger nær regionsenteret. Når Knarvik skal auka konsentrasjonen av bustader, vert desse grøne lungene endå viktigare. |

| SAMLA VURDERING |
|---|
| Området ligg tett på regionssenteret, men er ikkje ein del av sentrumskjernen. Utviklinga av regionssenteret forutset at ein vel å leggja rett verksemd på rett stad. Verksemda ber preg av å vere ein kompetansearbeidsplass. Dette er verksemder som representerer ein ressurs og vil kunne vere ein viktig del av utviklinga av regionssenteret Knarvik. Styrking av verksemda sine vilkår for vekst er viktige for kommunen, men dette bør gjerast ved å finne nye areal/bygningar i sentrum.<br>Samstundes er det viktig at kommunen sikrar gode rammer for vidare vekst, der og framtidige bustader har god tilgang til friområde i nærområdet.<br>Kommunedelplanen skal legge til rette for rett funksjon på rett stad – og bidra til å styrke rolla til regionssenteret. Lokaliseringa av kontor/næring her vil ikkje styrka Knarvik sentrum.  Grundermiljø og kompetansearbeidsplassar bør lokaliserast i sentrum. Lokaliseringa er i all hovudsak bilbasert, myr vert fjerna og viktig friområde vert bygd ned.  Det er svært lite areal til friområde ved sjø i regionsenteret. Lokasjon er bilbasert, sjølv om avstanden til sentrum er kort. |
| **TILRÅDING** |
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** |
| **Endring etter PMU 19.juni;  innspelet blir lagt inn i planforslaget** |

| ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019 | |
|---|---|
| Arealet er endra til kombinert føremål næring/ tenesteyting. Med bakgrunn i motsegn frå Statens vegvesen er det lagt inn ei buffer mot Haglsund bru og det er lagt inn omsynssone rekkjefølgjekrav infrastruktur som forutset at overordna vegnett med framtidig løysing for E39 er avklart og at området kan sikrast ei trafikk-sikker tilkomst frå overordna vegnett.<br>Arealet er redusert  til 6,7 daa |  |

**N3**

**NÆRING – GJERVIK/ området er endra til kombinert føremål forretning/industri BKB3 etter 1. gongs høyring**

**Gbnr.:** 188/5

**Føremål i dag:** LNF delvis innafor markagrensa og i LNF - områder, omsynssone med særskilde kulturlandskapsinteresser

**Areal storleik:** 35 daa(nb. ny avgrensing mot tilkomstveg)

**Forslagstillar:** ABO plan & arkitektur på vegne av OPI Invest as(Søderstrøm Hagesenter AS)



**Omtale av området:**

Området ligg i Gjervik på nordsida av E39. Området er føreslege som nytt næringsareal med tanke på å etablera hagesenter og andre næringar som skal flyttast ut av Knarvik sentrum. Det står ein lagerhall nord på eigedommen og delar av arealet er planert.

*Aktuelt område for nytt kryssområde for E39, handsaming av innspelet legg til grunn at ikkje ny trase for E39 vert lagt her.*

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Området ligg langs E 39 nær regionsenteret, er i tråd med føringar i samfunnsdelen om lokalisering langs E39. Nærleik til Knarvik reduserer transportbehov og vert vekta positivt. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Nedbygging av registrert myr. |
| | Landbruk og jordressursar | | Nedbygging av LNF, arealet består av skog og noko innmarksbeite, delar av arealet er planert. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Funn av ask(sårbar) nord for eigedommen. Registrering av Parkslirekne som er en svært alvorleg svartelisteart. Basert på registrerte funn må det gjerast ei nærmare kartlegging i området for å kartfeste eller eventuelt sjekke ut artene |
| | Landskap | | Vestlandske skogåsar, området er delvis planert og ligg på ein flate ned mot E39, skrånande terreng mot busetnad nordvest. Deler av arealet ligg i omsynssone med særskilde kulturlandskapsinteresser. Delvis innanfor markagrensa(gjeldande KDP) |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjent konflikt. |
| | Klimatilpassing | | Ingen kjende konfliktar |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Halve arealet ligg i omsynssone LNF for særskilde kulturlandskapsinteresser i Gjervik, området er delvis planert og kvalitetane noko redusert |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | Innspelet legg til rette for ein bilbasert verksemd, men gitt at det er 1,2 km frå Knarvik sentrum, med etablerte fortau, vurderast innspelet til å gi ei relativt begrensa auke transportbehov. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Tiltaket krev utvida bruk av avkøyrsle eller ny avkøyrsle frå E39. Det er negative signal frå Statens vegvesen på å etablera ny avkøyrsle som kryssar framtidig sykkeltrase for E39. Området er mogeleg kryssområde for ny E39 og ligg i båndleggingssone for E39. Er ikkje tilrettelagt med VA pr i dag, påkopling ved Lonsvegen eller kryssing av E39. Dette er detaljer som vil løysast i detaljreguleringa. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er flaum i vassdrag, radonstråling og kjemikalieutslepp og annan forureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Positivt at lokalisering skjer i gang- og sykkelavstand til sentrum sikrar deltaking. |
| | Barn og unge | | Ikkje kjent konflikt /bruk av området |

**SAMLA VURDERING**

Området ligg tett på regionsenteret og er ei attraktiv og gunstig lokalisering av arealkrevjande næring som er forutsett flytta ut av Knarvik. Arealreserva innanfor sentrumsplanen er stor og vil dekke kommunens behov for sentrumsfunksjonar i mange år framover. Eigedommen bandlagt av mogeleg kryssområde for E39 og arealendringa gjeld berre dersom området ikkje er i konflikt med framtidig E39. *Andre utfordringar for utvikling av eigedomen er SVV sine krav til byggegrense på 50 m frå*

*vegmidte og at dei ikkje tillet utvida bruk av avkøyrsla, eller etablering av ny, samt konflikt med framtidig sykkelveg for E39 som skal leggjast her.*

**TILRÅDING**

**Innspelet vert tilrådd med avgrensa reduksjon av arealet i nordaust, mot eksisterande tilkomstveg.**




**Endring etter PMU 19.juni; sett av areal til gang-sykkelveg på nordsida langs E39 i planforslaget**

**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Med bakgrunn i motsegn frå Statens vegvesen er det er lagt inn omsynssone rekkjefølgjekrav infrastruktur som forutset at overordna vegnett med framtidig løysing for E39 er avklart og at området kan sikrast ei trafikk-sikker tilkomst frå overordna vegnett.



**N4**
**Næring Alversund**

**Gbnr.:** 137/14
**Føremål i dag:** Grønnstruktur
**Areal storleik:** ca 1,3 daa
**Forslagstillar:** Lindås Arbeiderparti



**Omtale av området:** Arealet ligg i Alversund på sørsida av eksisterande bensinstasjon Gabben. Området er ein grøn buffer mellom barneskulen og bensinstasjonen. Bensinstasjonen har behov for å utvide areala sine med mellom anna plass for lading av el-bilar. Barneskulen skal flytte når ny skule er oppført i Alversund. Innspelet vart sendt inn til planarbeidet med områdeplan Alversund, men vart ikkje lagt inn m.a. fordi fokus var plangrunnlag for skulen og arealendring ville krevje konsekvensutgreiing og medføre forsinka prosess.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I samsvar med planprogram for KDP om å styrkje Alversund(utvida tilbod) og utvikla næringslivet. Uheldig å bygge ned grøne areal i sentrum med asfaltflater. |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Landskap | | Arealet ligg som ei lita grøn slette bak bensinstasjonen og opp mot skulen i Alversund, området er kategorisert som Småvåg – og smalsundlandskap og ligg i omsynssone for Indre Farlei |
| | Nærmiljø, grønnstruktur og friluftsliv | | Bygger ned delar av grønstrukturen i Alversund. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ikkje kjent |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | Ikkje relevant |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Området er utbygd med teknisk infrastruktur |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), brann/eksplosjon ved industrianlegg, kjemikalieutslepp og annan forureining og sårbare bygg. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Dette er ein viktig møtestad i Alversund. Oppretthalding av aktiviteten her har i så måte ein positiv konsekvens for folkehelsa. Samstundes gjer dette ein nedbygging av dei grøne areala. Samla vurderast endringa å ikkje ha vesentleg negative konsekvensar for folkehelsa. |
| | Barn og unge | | Arealet ligg langs skuleveg for ungane som kjem frå over Alversund bru, nedbygging av grøne område og utviding av trafikkareal er negativt med omsyn til barn og unge. |

**SAMLA VURDERING**

Innspelet er send inn som næringsareal. For å sikra ein heilhetleg utvikling av Alversund, og ivareta fleksibilitet for framtidige behov er innspelet er det vurdert som hensiktsmessig å endra føremålet til sentrumsføremål. Dette formålet innbefatter forretninger, tjenesteyting og bustad, kontor, hotell/overnatting og bevertning, herunder nødvendige grøntareal til bebyggelsen. Intensjonen er å leggje til rette for at bensinstasjonen skal kunne driva og utvikla tilbod i samsvar med etterspørselen. Tilrettelegging av ladeplassar for el-bil er viktig infrastruktur som bidreg positivt og er ein føresetnad for eletrifisering av bilparken. Når skulen flyttar er ikkje den grøne bufferen mellom bensinstasjon og skule like viktig. Ny Alversund bru og flytting av barneskulen gjev sentrumsområdet i Alversund nye moglegheiter til transformasjon og utvikling.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Det vert tilrådd å leggje inn arealet som sentrumsføremål, over tid vil dette gje ei meir fleksibel ramme for utvikling av eigedommen** | **Event. sett inn nytt kart.** |

| | |
|---|---|
| **og for sentrumsområdet i Alversund.** | |
| **Endring etter PMU 19.juni; innspelet blir lagt inn i planforslaget som næringsareal iht innspel** | |

### 4.1.2. LNF-spreidd næring

**LSN1**
**LNF-SPREDT NÆRING - HÅLAND**

**Gbnr.:** 143/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 75 daa
**Forslagstillar:** Ove Georg Hvidsten



**Omtale av området:**
Areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.
Håland, etablera jordtipp til overflatedyrka mark, avkøyring frå Fv 57 med tilkomst via Travvegen(ca 1750 m) og derifrå opp til jordtippen der det må byggast ny skogbruksveg opp til eigedommen, høgdeskilnaden er på opptil ca 50 m

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 62. *«ta vare på jordressursar ved utbygging, og bruke dette på areal som er i bruk eller tidlegare ikkje vore brukt»*. I konflikt med friluftsliv, avkøyrsle Fv 57, vesentleg transport i turområde, terrenginngrep ved ny tilkomstveg. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Ikkje kjent |
| | Landbruk og jordressursar | | Positivt tiltak for å styrkja drifta på garden. Småkupert område som skal leggast til rette som fulldyrka areal. Deler av arealet ligg i omsynssone landbruk. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | To bekkeløp, ikkje avrenning mot Fossavatnet(omsynssone naturvernområde) |
| | Landskap | | Kupert og eksponert kulturlandskap som ligg på høgdedrag mellom Kvamsfjellet og Pyttdalen. Tilkomstveg må leggjast frå Travvegen, vil medføre store terrenginngrep pga av stor høgdeskilnad |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Heile området ligg i omsynssone friluftsliv, uheldig med transport av massar på travvegen som er mykje brukt som turveg. Området ligg inne som kartlagt friluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Ingen kjende konfliktar |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ikkje kjent, steingard i sørvestre hjørne vert ikkje berørt av tiltaket |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | Tiltaket genererer tungtransport langt inn i eit etablert turområde. Omfanget tilseier at det vil verte ei belastning for området over tid. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Må forlenge eksisterande landbruksveg, dårleg tilkomstveg, forutset utvida bruk av avkøyrsle til Fv57, negative signal frå Svv på endra bruk(regulering) konflikt med gange- sykkel på fylkesvegen. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Tilkomstveg frå Travvegen er mykje brukt som turveg og treningsveg, konflikt med trafikk knytt til transport av massar/ deltaking |
| | Barn og unge | | Ikkje kjent |

**SAMLA VURDERING**

Transport av masser med lang transportveg i eit sentralt og mykje brukt turområde vil få negative konsekvensar for natur – og friluftsliv. Det må byggast ny veg frå Travvegen i bratt terreng, det vil medføre terrenginngrep. Uttak av skog positivt med veg for å kunne ta ut meir.

| TILRÅDING | |
|---|---|
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** | |

## LSN2
## LNF-SPREDT NÆRING - TVEITEN

**Gbnr.:** 138/4
**Føremål i dag:** LNF (omsynssone landbruk)
**Areal storleik:** ca 2,2 daa
**Forslagstillar:** Anders Kvamme



**Omtale av området:**
Innspel gjeld småbruk på Tveiten. Grunneigar ønskjer leggje til rette for at det kan byggast tilbygg eller nybygg som kan nyttast til å utvikle næringsgrunnlaget på garden, gardsutsal og kursverksemd, samt evt. behov for å utbetre veg og byggje parkeringsplassar.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 23. *«leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket»* Styrking av næringsgrunnlaget i landbruket er i tråd med statlege og regionale føringar. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Ingen kjent konflikt |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Positivt tiltak for å styrkja næringsgrunnlaget på garden |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjent konflikt |
| Miljø | Landskap | | Innspelet ligg i omsynssone for indre farlei. Det må takast omsyn til fjernverknader av evt. endringar i terreng og utforming av bygg og anlegg. |
| Miljø | Nærmiljø, grønnstruktur og friluftsliv | | Ingen kjent konflikt |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt |
| Miljø | Strandsone | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Området ligg innanfor omsynsone kulturmiljø, indre farlei. Gardshusa er sefrak-registert |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Transportbehov | | Eigedommen ligg sentralt 5 km frå Knarvik og 500 m frå Alversund |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Avkøyrsle frå Fv. 404, ikkje offentleg avløp påkobling anlegg ved Alver brygge. Behov for betre kapasitet på vatn må vurderast. (Tiltaket forutset søknad om utvida bruk av avkøyrsel frå FV 404). |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensiell fare er ustabil grunn (området ligg under marin grense). Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Faren blir ikkje vurdert til å vera umogeleg å handtera med avbøtande tilta. |
| Samfunn | Folkehelse | | Aktivitet og mangfald av tilbod i nærleiken av der folk bur er positivt, arealendringa kan skapa ein møteplass og på den måten væra helsefremjande |
| Samfunn | Barn og unge | | Ingen kjent konflikt |

**SAMLA VURDERING**

Tiltaket er positivt for utvikling av næringsgrunnlaget på garden. Arealet som er spelt inn vert utvida noko for å ta høgde for plass til parkering. Garden ligg i omsynssone Indre Farlei, dette må takast særskilt omsyn til i utforming av tiltaket.

| TILRÅDING | |
|---|---|
| **Innspelet vert tilrådd** | **Event. sett inn nytt kart** |

**LSN3**
**LNF –SPREDT NÆRING - TVEITEN**

**Gbnr.:** 139/3
**Føremål i dag:** LNF (omsynssone landbruk)
**Areal storleik:** Utbetring av tilkomstveg og ca 8 daa til LNF spreidd næring
**Forslagstillar:** Thomas og Trude Fosse



**Omtale av området:**
Landbrukseigedommen vert i dag drive med sau, bringebærproduksjon, bryggerilokale og gardsbutikk. Ønskjer å utvide bringebærproduksjonen og starte opp grønsaksproduksjon. Planlegg å bygge ny driftsbygning i tilknyting til sauehaldet. *Jordtipp for utbetring av slåttemark*, parkering og ny tilkomstveg. Gardsbutikk og parkering som ligg under føremålet LNF- spredt

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 23. *«leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket»* Styrking av næringsgrunnlaget i landbruket er i tråd med statlege og regionale føringar. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Ingen kjent konflikt |
| | Landbruk og jordressursar | | Positivt tiltak for å styrkja næringsgrunnlaget på garden |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ikkje kjent konflikt |
| | Landskap | | Kulturlandskap, omsynssone landbruk |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen kjent konflikt |
| | Klimatilpassing | | Ingen kjent konflikt |
| | Strandsone | | Ingen kjent konflikt |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Området ligg innanfor omsynssone kulturmiljø, indre farlei. Gardshusa er sefrak-registert |
| | Sosial infrastruktur | | Ingen kjent konflikt |
| | Transportbehov | | Eigedommen ligg sentralt 5,7 km frå Knarvik og 1,2 km frå Alversund |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Manglar tilgjenge til offentleg avløp. Mogeleg behov for påkopling for utslepp ved kraftlaget. (Tiltaket forutset søknad om utvida bruk av avkøyrsel frå FV 404). |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensiell fare er ustabil grunn (området ligg under marin grense). Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Faren blir ikkje vurdert til å vera umogeleg å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Aktivitet og mangfald av tilbod i nærleiken av der folk bur er positivt, arealendringa kan skapa ein møteplass og på den måten være helsefremjande |
| | Barn og unge | | Ingen kjent konflikt |

**SAMLA VURDERING**

Fleire av tiltaka som er skildra ligg innanfor LNF –føremålet, tiltaket gardsbutikk med tilhøyrande parkering ligg inn under LNF-spredt næring. Verksemda er svært positiv både som næring og verksemd i nærmiljøet.

**TILRÅDING: Innspelet vert tilrådd**

**ENDRA I PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019**

Fylkesmann i Vestland fremja motsegn mot LSN3. Arealet som låg på fulldyrka mark er teke ut og motsegna er trekt. Nytt areal er 3,5 daa.



**LSN4 A og B**
**LNF-SPREDT NÆRING ALVER**

**Gbnr.:** 137/2/19
**Føremål i dag:** LNF(delvis omsynssone landbruk og friluftsliv)
**Areal storleik:** 98 daa
**Forslagstillar:** Lars Øyvind Hillestad



**Omtale av området:**
Området vert i dag nytta som hjortefarm, bakgrunnen for innspelet er å drive med massehandtering for bakkeplanering, jorda skal nyttast til å utbetra og opparbeida jordbruksareal til fulldyrka areal som skal nyttast til grasproduksjon for dyra på garden.
Areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.
Problematisk å tillate transport av massar inn i området utan tiltak for mjuke trafikantar.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Positivt å styrke grunnlag for næring, negativ konsekvens for friluftsliv i når massane vert tilkøyrde. |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Deler av arealet er myr, oppdyrking av myr gir utslepp av klimagassar |
| | Landbruk og jordressursar | | Positivt tiltak for landbruk å opparbeida fulldyrka areal til grasproduksjon. Delar av arealet er allereie opparbeidd, og innspelet er redusert i høve til dette i planframlegget. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Innspelet omfattar blant anna ca. 6 daa med myr og formålsendringa kan bidra til avrenning til vassdraget Tveitavatnet Vegetasjonssone mot vassdrag(forskrift for nydyrking) skal fylgjast opp i gjennomføring av tiltaket. |
| | Landskap | | Småkupert kulturlandskaps- og skogsområde tilknytta drift av hjortefarm. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | I konflikt med omsynssone friluftsliv, turområde er sentralt for innbyggarane i Alvermarka; kryssar «vannvegen» brukt som turveg og traktorveg til Alversund. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ikkje kjent |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | Arealet ligg sentralt, kort transport av masser. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Tilkomst til området gjennom eksisterande bustadområde, forutset at tilkomstvegen vert oppgradert i samsvar med reguleringsplan. Ikkje mogeleg med mykje oppfylling i området ved hovudvassledning. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), flaum i vassdrag, skog-/lyngbrann, kjemikalieutslepp og annan forureining og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Konflikt med friluftsinteresse og etablert turveg i anleggsfasen. |
| | Barn og unge | | Auka tungtransport inn i friluftsområdet |

**SAMLA VURDERING**

Tiltaket er delvis gjennomført, tilkomst for tilkøyring må skje via eksisterande tilkomstveg når den er utbetra i samsvar med rekkefølgjekrav til reguleringsplan for Alver næringsområde og Alver næringsområde sør. Innspelet er avgrensa slik at ikkje kjem i konflikt med hovudvassleidning gjennom området, deler av området er opparbeidd og vert ikkje lagt inn som LNF-spredt næring.

**TILRÅDING**

**Innspelet vert tilrådd, iht endra avgrensing, avsett areal er til saman 17,6 daa.**



**LSN 5 A og B**
**LNF-SPREDT NÆRING ALVERMARKA/ALVER**

**Gbnr.:** 137/7
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 4,2 daa + 1,2 daa
**Forslagstillar:** Kjersti og Harald Sagstad




**Omtale av området:**
Innspelet gjeld to tiltak; Ønskjer jordtipp på «Buhaugen»(felt SN 5B) og å nytte deler av gamlefjøset(felt SN 5A) til selje produkt frå eigen gard. Jordtippen er eit avgrensa areal på 4,2 daa, det ligg ein steingard innanfor arealet som er ca 40 m lang.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 23. *«leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket».* Styrking av næringsgrunnlaget i landbruket er i tråd med statlege og regionale føringar. |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Ingen kjent konflikt |
| | Landbruk og jordressursar | | Positivt tiltak for landbruk. Auka kvalitet på landbruksareal. Gardsutsal ligg sentralt, positivt tiltak å auka næringsgrunnlag på garden. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjent konflikt |
| | Landskap | | Kulturlandskap i drift, positivt å auka kvalitet på arealet |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje kjent konflikt, gardsutsal i nærturområde er positivt tilbod |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Gamlefjøset er sefrak-registert. På Buhaugen der det vert planlagt jordtipp ligg det ein steingard. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | Ligg sentralt i høve til Knarvik og Alversund, i nærleiken av tett utbygd bustadområde. Neggativt med transport av massar i tett utbygd bustadområde, avgrensa omfang og kort transport vert vekta positivt. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Vatn og avløp ok til tunet. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skog-/lyngbrann og kjemikalieutslepp og annan foreureining. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Gardsbutikk vil kunne fungere som ein møtestad i nærområde til mange bustader/ deltaking |
| | Barn og unge | | Ikkje kjent konflikt med omsyn til barn og unge |

**SAMLA VURDERING**

Innspelet er positive tiltak for å utvikle næringsgrunnlaget på garden og gardsbutikk i nærleiken av bustadområde og Alver hotell er eit positivt tilskot i nærmiljøet.

**TILRÅDING**

**Innspelet vert tilrådd**

**LSN 6**
**LNF-SPREDT NÆRING ISDAL**

**Gbnr.:** 185/7
**Føremål i dag:** LNF (omsynssone landbruk)
**Areal storleik:** 0,5 daa
**Forslagstillar:** Kjersti  Isdal og Hans Kristian Dolmen




**Omtale av området:**
Ønskjer å endre gamle løa til næringsaktivitet som lager, gardsutsal og atelier med utstillingsmogelegheit. Tunet ligg i omsynssone kulturmiljø og den Trondhjemske postveg ligg gjennom tunet. Tiltaket har eit avgrensa omfang, gjeld ny bruk av løa med utsal samt etablering av parkeringsplassar i tilknyting til denne

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 23. *«leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket»* |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Ingen kjent konflikt |
| | Landbruk og jordressursar | | Ingen kjent konflikt |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjent konflikt |
| | Landskap | | Positivt tiltak for å styrkje næringsgrunnlaget på garden. Fleire gardsutsal i området styrkjer og utfyller kvarandre. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Positivt å skape aktivitet i forbindelse med mykje brukt turveg/ vil kunne bidra til auka attraksjon for den Trondhjemske postveg som går gjennom tunet |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Området ligg i omsynssone kulturmiljø, men tiltaket vurderast som positivt, då det byggjer opp under vern gjennom bruk |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | Ingen vesentleg konflikt, tiltaket vil ikkje generere stor trafikk, ligg nær Knarvik(3,3 km) |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Vatn er ok, men området har ikkje kobling til kommunalt avløp. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skred (snøskred og steinsprang), skog-/lyngbrann, radonstråling og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane er vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen vesentleg konflikt |
| | Barn og unge | | Ingen vesentleg konflikt |

**SAMLA VURDERING**

Tiltaket er eit positivt for utvikling av næringsgrunnlaget på garden samt bidrag til utvida kulturtilbod nær regionsenteret. I tilknyting til løa bør det etablerast nokre parkeringsplassar for gjester. Det er sett av eit mindre areal til parkering, ved arrangement vil ei planert flate aust for tunet kunne nyttast som parkeringsareal.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert tilrådd med utviding for å ta med areal til parkering** | |

| | |
|---|---|
| **LSB 1**<br>**LNF – SPREDT BUSTAD** | |
| **Gbnr.:** 142/2<br>**Føremål i dag:** LNF omsynssone landbruk<br>**Areal storleik:** ca 15 daa<br>**Forslagstillar:** Arild Kvamme |  |
| **Omtale av området:**<br>Ligg i omsynssone landbruk oL31 – Erstad – Kvamme som er om lag 1000da som har status som omsynssone på grunn av det vakre og eksponerte kulturlandskapet. Grensar til bustadområde på Stølshaugane som er delvis utbygd/ under utbygging. Innspelet omfattar 4 nye bustadtomter i LNF spreidd bustad. | |

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med mål i planprogram om å «ta vare på produksjonsareala for landbruket med omsyn til matproduksjon» og «sikre dei samanhengande landskapa og turdraga» i konflikt med samfunnsdelen STRATEGI 39: «Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal». I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Vil føre til auke i klimagassutslepp gitt avstand til sentrum, men nokke begrensa gitt omfanget. Forøvrig ingen kjende konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Arealet ligg i omsynssone landbruk. Utbygging her vil bidra til fragmentering av kulturlandskapet. Største delen av arealet er innmarksbeite. Behov for landbruksareal i området for å sikra drift. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Grensar til areal registrert som Naturtypar «*naturbeitemark*», elles ingen kjent konflikt |
| | Landskap | | Området ligg sentralt i eit samanhengande landbruksområde. Ei gradvis nedbygging av areala vil endra ein viktig landskapstype. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje kjende konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Transportbehov | | 6,6 km frå Knarvik sentrum, med handelstilbod, offentleg tenesteyting og arbeidsplasskonsentrasjon. 2,1 km til barneskulen i Alversund. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Mogeleg å kople på utbygd infrastruktur på Stølshaugane, fortau er utbygd. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er snøskred (heile området ligg i aktsemdssone) og radonstråling. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane er vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Sikra deltaking er eit bærande prinsipp for eit helsefremjande samfunn, etablering av nye bustadområde i stor avstand frå sentrum reduserer moglegheit for deltaking. |
| | Barn og unge | | Bilbasert lokalisering gjer barn/ unge avhengig av transport til skule, sosiale- og fritidsaktivitetar reduserer moglegheit for deltaking. |

| SAMLA VURDERING |
|---|
| Arealendringa vil bidra til fragmentering av det samanhengande kulturlandskap på Erstad-Kvamme. Innspelet er i konflikt med omsynssone landbruk og ligg nær bustadområde på Stølshaugane. |
| **TILRÅDING** |
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** |
| **Endring etter PMU 19.juni; innspelet blir lagt inn i planforslaget** |
| **ENDRA I PLANVEDTAK 15.OKTOBER 2019** |
| Fylkesmann i Vestland fremja motsegn mot LSB1. Feltet er teke ut av planen og motsegna er trekt. |

**LSB 2**
**LN -SPREDT - BUSTAD**

**Gbnr.:** 145/18
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 11,4 daa
**Forslagstillar:** Helge Inge Fosse



**Omtale av området:**
Arealet ligg på Indre Fosse, forslagsstillar ønskjer å leggje inn areal for LNF spreidd bustad for inntil 4 bustadar.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen «STRATEGI 34: Sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa». Det er regulert fortau langs fylkesvegen, men før fortau er bygd ut bør det ikkje leggast til rette for auka bustadutbygging i området. I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | 8,2 km frå Knarvik sentrum. Bilbaserte bustader vil gje auke i klimagassutslepp, men omfanget er noko begrensa. Nedre del ligg i gul støysone, men gitt terrenget vurderast det vere mogeleg å skjerma nye bustader utan omfattande tiltak. |
| | Landbruk og jordressursar | | Arealet ligg i omsynssone landbruk, innmarksbeite, er allikevel ikkje vurdert å ha stor betydning for landbruk. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Innspelet omfattar bratt skrånande terreng opp frå Fv404 og ovanforliggande høgde. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen vesentlege konfliktar |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Transportbehov | | 8,2 km frå Knarvik sentrum, med handelstilbod, offentleg tjenesteyting og arbeidsplasskonsentrasjon. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Mogeleg å koble på vatn ved fylkesveg, evt tilkobla avløp utsleep bustadfelt Fosse. Utbedring Fv. 404 ikkje etablert fortau, rekkefølgekrav |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er radonstråling og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane er vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Sikra deltaking er eit bærande prinsipp for eit helsefremjande samfunn, etablering av nye bustadområde(med stor trafikk som her) utan fortau/ gang-sykkelveg i stor avstand frå sentrum sikrar ikkje deltaking. |
| | Barn og unge | | Bilbasert lokalisering utan fortau gjer barn/ unge avhengig av transport til skule, sosiale- og fritidsaktivitetar |

**SAMLA VURDERING**

Arealet ligg 8 km frå Knarvik og utbygging til bustad her vil være bilbasert. Området er ikkje bygd ut med fortau eller tilbod til mjuke trafikantar. Utbygging som fører til auka trafikk før vegen utbygd med fortau vert ikkje tilrådd.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** | **Evt. sett inn nytt kart.** |

**Endring etter PMU 19.juni;  innspelet blir lagt inn i planforslaget**

## 4.1.3. Bustad

**B 1**
**BUSTAD - STØLSHAUGANE**

**Gbnr.:**
**Føremål i dag:**
**Areal storleik:**
**Forslagstillar:** 2 innspel; gbnr. 141/1 Kjartan Toft og Ingunn Runde
Gbnr. 141/3 Asgeir Kvamme



**Omtale av området:**
Området er på ca 30 daa og ligg som ei utviding av Stølshaugane som er under utbygging, dersom ein legg til grunn same utnytting som på Stølshaugane vil arealet gje plass til 37 nye bueiningar, med ein miks av einebustad, tomannsbustad og 4 mannsbustadar.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I strid med samfunnsdelen strategi 31 om auka arealutnytting i Knarvik, Alversund og nærsentra, og i nærleiken til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod» og STRATEGI 39: Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal» I konflikt med nasjonale og regionale føringar på lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Omfattande bustadutbygging 6,6 km frå Knarvik sentrum vil gje auka klimagassutslepp. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ligg i omsynssone landbruk, deler av arealet er overflatedyrka/fulldyrka. Arealet på gbnr.141/3 er innmarksbeite. Elles ligg arealet som fulldyrka og overflatedyrka |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Del av eit større samanhengande kulturlandskap som strekkjer seg Erstad-Kvamme. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Området er i bruk som tur og utfluktsområde, jonsokbål mm |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ligg i Alversund skulekrets, god kapasitet på barneskule når ny skule vert bygd. Ungdomskule ligg i Knarvik, forutset skuleskyss. |
| | Transportbehov | | 7 km til Knarvik, 2 km til Alversund, utbygd med fortau. Ein del av dei daglege gjeremåla vil være tilgjengeleg i gang-/ sykkelavstand, etableringa vil likevel vere bilbasert og generere meir biltrafikk med bakgrunn i avstand til Knarvik og dårleg kollektivtilbod. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Teknisk infrastruktur kan koplast på Stølshaugane. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Ligg nær Alversund og friluftsområde/ badeplass i Kvamsvågen samt turområdet på Erstadfjellet, etablert bustadområde med møteplassar på Stølshaugane. Lokaliseringa er bilbasert. |
| | Barn og unge | | Området er i bruk av born mm leik/ hyttebygging/jonsokbål, har vore brukt som samlingsplass for folk i området |

**SAMLA VURDERING**

Planlegging av større bustadområde i køyreavstand frå Knarvik er ikkje i tråd med regionale føringar for samordna areal- og transportplanlegging. Arealet ligg i omsynssone landbruk, Erstad-Kvamme, som er karakterisert av særmekt og godt synleg kulturlandskap og attraktivt turlandskap.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** | |

**B 2**
**BUSTAD - TVEITEN**

**Gbnr.:**
**Føremål i dag:** Offentleg privat tenesteyting og LNF
**Areal storleik:** 1,2 daa offentleg privat tenesteyting og 2,5 daa LNF
**Forslagstillar:** 2 innspel; Lindås kommune(offentleg privat tenesteyting), Sameiget 139/13



**Omtale av området:** Etablerte bustadområde på Tveiten. Bakgrunn for innspelet er å endre føremål i tråd med faktisk bruk og omkringliggande bustadområde. Deler av arealet som er avsett til offentleg – privat tenesteyting var tidlegare nytta som barnehage. Bygget er ikkje egna for barnehage og tomta er for liten for evt. nybygg. Bygget har tidlegare vore bustadhus.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Innspelet er i tråd med dagens bruk. Arealet avsett til privat offentleg tenesteyting er ikkje egna for føremålet med omsyn til avkøyrsle, tomtestorleik og lokalisering, endra bruk til bustad i eit etablert bustadområde vil være positivt. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Ein større del av området ligg innafor gul støysone. Området er i hovudsak utbygd. Den reelle auka i klimagassutslepp er difor vurdert å vere begrensa. For øvrig ingen kjende konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Ingen vesentlege konfliktar |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Området er allereie utbygd. Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Skulebygget er sefrak-registert. |
| | Sosial infrastruktur | | Området ligg nær Alversund |
| | Transportbehov | | 5,6 km frå Knarvik sentrum, med handelstilbod, offentleg tenesteyting og arbeidsplasskonsentrasjon. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Vatn og avløp ok, avkøyrsel mot Fv 404 må utbetrast |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skog-/lyngbrann, radonstråling og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Barn og unge | | Ingen vesentleg konflikt. |

**SAMLA VURDERING**

Området er utbygd med bustad med unntak av den tidlegare barnehagetomta, arealendinga vil legge til rette for ca 1,2 daa nytt bustadareal som vil gje rom for inntil 2 nye bueiningar i eit etablert bustadområde. Barnehagen står i dag ubrukt og nybygg her vil være positiv utnytting av arealressursar.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert tilrådd** | **Evt. sett inn nytt kart.** |

## B 3
## BUSTAD-HILLAND

**Gbnr.:** 134/54
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 1 daa
**Forslagstillar:** Else Kurland




**Omtale av området:** Eigar ønskjer å endre eksisterande fritidseigedom i LNF – område til bustad. Eigedommen har ikkje lengre verdi for eigar som fritidseigedom pga. bustadutviklinga i området . Tomta med fritidsbustad ligg i randsona av vedteken reguleringsplan for Haghaugen felt B, Gnr 134 Bnr 466 mfl.., 1263-201305.
Ligg inne i resterande areal avsett til LNF, inntil areal regulert til friområde og leikeplass.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Vurdert som mindre vesentleg jf. både kommunale, regionale og nasjonale føringar. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Ingen kjende/vesentlege konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog av særs høg bonitet. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Ligg på høgdedrag sørvest for regulert veg, med ca 15 meters høgdeforskjell. Vegtilførsel vil endre landskapet vesentleg frå øst. Skråninga ned mot vegen er regulert til friområde og leikeplass. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ligg inne i viktig friluftsområde, men store delar av dette friluftområdet er allereie regulert til bustad. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ligg i nærleiken av Alversund der det vert bygd ny barneskule. |
| | Transportbehov | | 6km frå Knarvik sentrum, men gjeld kun ein bustad. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Manglar veg, vatn og avløp! Grensar til godkjent reguleringsplan for Haghaugen felt B, men påkopling må skje gjennom areal sett av til leik og friområde |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Nedbygging av friluftsområde reduserer tilgjenge til turar i nærområdet. Forøvrig ingen vesentlege konfliktar. |
| | Barn og unge | | Ikkje kjent konflikt |

**SAMLA VURDERING**

Fritidsbustaden grenser til område regulert til bustad, men pga. høgdeskilnad mellom hytta og regulert vegtilkomst til bustadfeltet på Haghaugen vil ei påkopling være krevjande, reguleringsplanen må endrast og det vert vurdert som lite hensiktsmessig for å utløyse ei bustadtomt. Eigedommen manglar veg, vatn og kloakk slik den ligg i dag.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** | **Evt. sett inn nytt kart.** |

**B 4**
**BUSTAD - GALTERÅSEN**

**Gbnr.:** 137/7, 137/9, 137/14, 137/102, 137/84
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:**
**Forslagstillar:** Fleire innspel; Byggmester Skare, Liv Unneland , John Flatøy, Kjersti og Harald Sagstad



**Omtale av området:** Området ligg sør for Galteråsen på nordsida av Fv 565. i gjeldande kommunedelplan er området sett av til grønnkorridor mellom bustadområdet i Alvermarka og friluftsområdet Erstadfjellet-Tveitevarden.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med samfunnsdelen «STRATEGI 37: Leggje til rette for å bruke natur og friområde som ein kvalitet i og rundt bumiljøa. Sikre areal for å kunne etablere korridorar til natur og friområde. Nasjonale forventningar til planlegging fremheldt tilgang på grøne område for rekreasjon og naturopplevingar i byar og tettstadar som viktig omsyn i arealplanlegginga. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Delvis inne i raud/gul støysone, langs trafikkert veg. For øvrig ingen kjende konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog med delvis høg bonitet og innmarksbeite (mogeleg anna kjelde) |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Grøn åsrygg og open mark innover mot friområde. Vil endre karakteren på området vesentleg. Tiltaket vil medføre store terrenginngrep i nordvest, pga. høgdeskilnad |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Vil fjerne viktig åtkomst til turområde for ein stor konsentrasjon av bustader. |
| | Klimatilpassing | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ikkje ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ligg nær Alversund barneskule, Knarvik ungdomskule og Trollskogen bhg. |
| | Transportbehov | | Ingen vesentleg konflikt. 2,9 km frå Knarvik sentrum. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Vann og avløp er ok. Tilkomstveg, ikkje ønskeleg med auka trafikk inn på Fv 345. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Nedbygging av åtkomst til viktig friområde for ein større befolkningskonsentrasjon kan føre til lågare aktivitetsnivå, tilkomst til friluftsområde frå bustad fremjar deltaking. |
| | Barn og unge | | Areala er i stor grad brukt av barn og unge, mellom anna av Trollskogen barnehage. |

**SAMLA VURDERING**

Framlegg om nytt bustadområde vil byggje ned viktig tilkomst til friluftsområde i eit av dei folkerike områda i kommunen. Bustadprosjekta Breimyra og Alverparken(nesten 200 leilegheiter) ligg i nærleiken og vil dekka bustadbehovet i området i lang tid.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** | **Evt. sett inn nytt kart.** |

**B 6**
**BUSTAD LANGHEIANE**

**Gbnr**.: 188/3
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 21 daa
**Forslagstillar:** Lindås tomteselskap



**Omtale av området:** Skogkledd område i kant med byggesonen. Avsett til LNF. Ligg opp mot markagrensa i gjeldande kommunedelplan og er byrjinga på eit samanhengande friluftsområde for innbyggarar i regionssenteret. Tilkomst til tursti ligg gjennom området. Innspelet omfattar ca 30 nye bueiningar.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Vurdering ift bustadbehov, ikkje behov for store nye bustadområde i denne planperioden. |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog med høg / særs høg bonitet. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Ligg i skråning ned mot turløype. Eksponert høgdedrag. Størstedelen av arealet er svært bratt og vil medføre særleg store terrenginngrep dersom det vert utvikla. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Innspelet råkar viktig friluftsområde, og kryssar brukt/registrert turløype inn i friluftsområdet. |
| | Klimatilpassing | | Innspelet ligg i nedslagsfeltet til Lonena, og medtek areal som kan vere utsett for flaum. |
| | Strandsone | | Ikkje relevant. |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Tett på Knarvik sentrum |
| | Transportbehov | | Tett på Knarvik sentrum. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Kan koplast på eksisterande infrastruktur i Langheiane. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er skog-/lyngbrann og radonstråling. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Råkar viktig friområde og bygger ned tilgangen til grønnstruktur og friluftsområde,  men om tilgjenge vert sikra i detaljplan konsekvensane vurdert å vere begrensa |
| | Barn og unge | | Råkar viktig friområde, men om tilgjenge vert sikra i detaljplan vurderast konsekvensane for born og unge å vere begrensa. |

**SAMLA VURDERING**

Innspelet ligg i bratt terreng og utbygging her vil medføra store terrenginngrep. Ei utbygging i åssida vil være eksponert mot Knarvik. Dersom området vert bygd ut, bør dei høgastliggjande områda ikkje takast med. Den øvste delen av tomta ligg opptil 8-10 m høgare enn nabofeltet, det vil vere uheldig å trekke ny busetnad vesentleg høgare opp i terrenget enn eksisterande utbygde felt med omsyn til fjernverknad.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** | **Event. sett inn nytt kart.** |

**Endring etter PMU 19.juni;  innspelet blir lagt inn i planforslaget**

**B 7**
**BUSTAD - GJERVIK**

**Gbnr.:** 188/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:**
**Forslagstillar:** Magnar Bleikeli



**Omtale av området:**
Grunneigaren ønskjer deler av eigedomen nytta til utbygging av bustader. Forslaget viser ei utbygging på i alt 56 bueiningar i ei konsentrert utbygging av småhus.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Vurdering ift bustadbehov, ikkje behov for store nye bustadområde i denne planperioden. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Delvis inne i gul støysone. For øvrig ingen kjende konfliktar. |
| Miljø | Landbruk og jordressursar | | Blanding av skog med særs høg bonitet, innmarksbeite og overflatedyrka jord. |
| Miljø | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| Miljø | Landskap | | Vil vere synleg frå andre sida av Osterfjorden, frå Hamre og Steinstø, men heng saman med byggeområder som strekk seg frå Knarvik sentrum. |
| Miljø | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ikkje registrerte turløyper, øvre del vurderast å ha mindre verdi for friluftsliv og nærmiljø. Nedre del råkar strandsone og vurderast å ha større verdi. Denne delen bør sikrast som LNF. |
| Miljø | Klimatilpassing | | Ingen vesentlege konfliktar. |
| Miljø | Strandsone | | I konflikt med funksjonell strandsone. Funksjonell strandsone bør vera ein avgrensning for innspelet, dersom det likevel blir tatt med. |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| Samfunn | Sosial infrastruktur | | Nær Knarvik |
| Samfunn | Transportbehov | | 1 km frå Knarvik sentrum. |
| Samfunn | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Krevjande å få ny avkøyrsle frå E39, tilkomst gjennom eksisterande bustadområde. VA frå Såta. Ligg i omsynssone E39. |
| Samfunn | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn, skog-/lyngbrann og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| Samfunn | Folkehelse | | Ingen kjent konflikt. Det vil vera positivt å leggja til rette for bustad nær regionssenteret. |
| Samfunn | Barn og unge | | Ingen kjent konflikt |

**SAMLA VURDERING**

Den største konflikten er knyttat til strandsona og LNF-området og utfordringa med åtkomst. For å sikre strandsona og friluftsområdet vert den samla vurderinga at innspelet bør snevrast inn. Utfordringa med tilkomst frå E39 kan løysast ved at areala gis tilkomst via Oteråsen. Dette må vurderast nærare i detaljreguleringa.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert IKKJE tilrådd** | **Event. sett inn nytt kart.** |

**Endring etter PMU 19.juni; innspelet blir lagt inn i planforslaget**

| |
|---|
| **ENDRA I PLANVEDTAK 15.OKTOBER 2019** |
| Statens vegvesen fremja motsegn mot B7, arealet er teke ut av planen og motsegn er trekt. |

**B 8**
**BUSTAD – OTERDALEN**

**Gbnr.:** 188/628, 188/630, 188/629 og 188/805
**Føremål i dag:** Friområde og allmennyttig føremål
**Areal storleik:** Fleire små tomter, samla areal
**Forslagstillar:** Lindås tomteselskap



**Omtale av området:**
Innspelet gjeld fleire tomter i eksisterande bustadområde. Desse er regulert til friområde / leik i gjeldande reguleringsplan for bustadområdet. Ei av tomtene var avsett til offentleg privat tenestyting og var tiltenkt barnehage.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I konflikt med Samfunnsdelen strategi 33, 36 og 37 |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Halvparten av 188/805 ligg inne raud støysone, resten i gul støysone. Dei andre areala er ikkje råka av støysone. For øvrig ingen kjende konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ikkje relevant |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar |
| | Landskap | | Ingen vesentleg konflikt. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Areala rundt balløkka (188/628) vurderast å vere viktige areal for nærmiljøet, uavhengig av faktisk bruk i dag. Det ligg sentralt i buområdet og er relativ stort. Tomta opp mot E39 vurderast å ha liten verdi for dette tema. 188/630 er avsett til offentleg føremål og vurderast å ha mindre verdi for nærmiljøet. 188/629 er har i hovudsak verdi som grøntområde, men har potensielt stor verdi for barn og unge. |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ingen vesentleg konflikt .Under 1 km frå Knarvik sentrum. |
| | Transportbehov | | Ingen vesentleg konflikt .Under 1 km frå Knarvik sentrum. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Ingen vesentleg konflikt .Tiltaka kan knytast til eksisterande infrastruktur |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), radonstråling, transport av farleg gods og trafikkforhold. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Vert vurdert å vere i konflikt med omsynet til folkehelsa, hovudsakeleg grunna viktigheita av 188/628. Sjølv om dette ikkje tener som aktivitetsområde for bebuarane vil arealet kunne opparbeidast som møteplass på sikt. Det er viktig for førebygging av einsemd. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Barn og unge | | 188/628 er eit viktig leikeareal i tilknyting til balløkke. 188/629 har eit potensial som område for litt større barn for klatring og fri utfalding. Dei øvrige areala har mindre verdi. |

| | |
|---|---|
| **SAMLA VURDERING** | |
| 188/630 vurderast å kunne omgjerast til bustad. 188/805 vurderast å ha låg verdi som friområde, men kan ikkje tilrådast utbygd på grunn av støy. 188/628 er verdifull både som potensiell møteplass for bebuarar i området og for barn og unge, og kan ikkje tilrådast utbygd. 188/629 har potensiell verdi for barn og unge og kan ikkje tilrådast utbygd. | |
| **TILRÅDING** | |
| 188/805, 188/628, 188/629 tilrådast ikkje utbygd. 188/630 (avsett til offentleg privat tenesteyting) tilrådast utbygd  til bustad. | **Evt. sett inn nytt kart** |
| **Endring etter PMU 19.juni; innspelet blir lagt inn i planforslaget, med unntak av areal ved E39** | |
| Merknad til KU av innspelet: Administrasjonen har, ved en inkurie, behandla innspelet som om forslagsstillar ønska bustadføremål for dei fire markerte områda. Det visar seg at det innspelet spesifikt seier at gbnr. 188/628 skal settast av til leik. For å sikra at nye og eksisterande bustadar i området får nok areal til MUA og felles leik iht føresegn 2.6.4, vert alle tre felta lagt ut til bustad med detaljplankrav | |

## B 9
## BUSTAD REMMO

**Gbnr.:** 132/2
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 8,3 daa
**Forslagstillar:** Steinar Johnsen



**Omtale av området:** Eigedommen ligg på Remmo nord for nedkøyring til Alverstraumen kai, der det er under planlegging eit bustadprosjekt med ca 26 nye bustader.
Eigedommen er bebygd med tidlegare bustadhus(truleg frå midt på 1800-tallet) no registrert som fritidsbustad.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelen strategi 32, men i strid med strategi 57 om å legge til rette for buområder som sikrar redusert behov for lokaltransport. Ikkje i tråd med regionale og nasjonale føringar for lokalisering av bustad. |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Eigedommen ligg i gul støysone |
| | Landbruk og jordressursar | | Lauvskog med høg bonitet |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ikkje kjent konflikt |
| | Landskap | | Del av samanhengande lauvskog belte. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Ingen vesentleg konflikt |
| | Klimatilpassing | | Ingen vesentleg konflikt |
| | Strandsone | | Ligg utanfor funksjonell strandsone, men delvis innanfor 100 meters beltet |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ligg i omsynssone Indre Farlei |
| | Sosial infrastruktur | | Eigedommen ligg 2,3 km frå ny barneskule i Alversund og 6,4 km frå Knarvik |
| | Transportbehov | | Etablering av nytt mellomstort bustadområde 6-7 km frå Knarvik vil generere meir personbiltrafikk, det er gangavstand til Alversund, men der er det avgrensa tenestetilbod |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | VA ok, bratt tomt og krevjande avkøyrsle |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Heile eigedommen ligg i gul støysone, |
| | Barn og unge | | Ikkje kjent |

### SAMLA VURDERING

Etablering av nytt bustadfelt med potensiale for mellom 8—20 nye bueiningar i over 6 km avstand til Knarvik vert ikkje tilrådd. Med dei regulerte områda på Hilland og reguleringsplan under utarbeiding på Alverstraumen kai, er bustadreserven i området stor nok.

### TILRÅDING

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert ikkje tilrådd** | **Evt. sett inn nytt kart.** |

### 4.1.4. Naustområde

**BAB 1**

**Nr. i samlefil innspel til KU:**
**Gbnr.:** 137/288 mfl
**Føremål i dag:** Bustad
**Areal storleik:** 1,3 daa
**Forslagstillar:** Per og Truls Thorgersen




**Omtale av området:** Eksisterande naustområde på Alverneset, området er delvis utbygd. Kyststien vert planlagt med trase forbi naustområdet. Denne må sikrast i arbeidet. Naustområdet har ikkje vegtilkomst.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med eksisterande bruk. Vurdert som mindre vesentleg jf. både kommunale, regionale og nasjonale føringar. |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Eksisterande naustmiljø. Utbygging av ny tomt vil ikkje påverke landskapsbiletet. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Avsett til bustad med innteikna kyststi. Registrert friluftsområde. Samanhengen til småbåthamna sørover og friområdet nordover skal sikrast i føresegn |
| | Klimatilpassing | | Vil kunne verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | Eksisterande naustmiljø i strandsona. Tilgjenge for allmenta bør sikrast i føresegn, utbygging må ikkje hindre realisering av kyststi |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant. |
| | Transportbehov | | Ingen vesentlege konfliktar, gitt omfanget. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Det er ikkje køyretilkomst til naustområdet, området har tilkomst via felles gangveg og trapp. Det er ikkje parkering knytt til nausta, ikkje vatn og avløp |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), havnivåstigning, stormflod og bølgjepåverknad og framkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Tilgang til sjø og kyststien må sikrast ved gjennomføring av tiltaket. |
| | Barn og unge | | Tilgang til sjø og kyststien må sikrast ved gjennomføring av tiltaket. |

**SAMLA VURDERING**

Naustmiljøet er delvis utbygd. Endringa er å reikna for ein kartmessig oppdatering av kommunedelplanen. Det vert tilrådd å leggje inn området som naustområde.

**TILRÅDING**

**Innspelet vert tilrådd.**

## BAB 2

**Nr. i samlefil innspel til KU:**
**Gbnr.:** 188/1
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** ca
**Forslagstillar:** Magnar og Grete Bleikli



**Omtale av området:**
Innspelet gjeld naustområde for ca 10 naust og båtopptrekk, mogelegheit for å byggja molo med overskotsmassar og etablera badeplass i tilknyting til denne, samt leggje til rette for forlenging av kyststien.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I strid med strandsonevern |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog med særs høg bonitet, men i brattkyst ned mot fjorden. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Etablering av badeplass og tilrettelegging for kyststi vil kunne bidra positivt dersom areala sikrast som tilgjengelege for allmenta. |
| | Landskap | | Vil vere synleg frå andre sida av Osterfjorden, frå Hamre og Steinstø. Landskapsinngrepa knytt til åtkomst for bil vil vere svært omfattande.. Bratt sjøbotn gjer det utfordrande med utfylling av steinmassar til molo mv |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Råkar strandsone, men er samstundes til dels bratte og lite tilgjengeleg. |
| | Klimatilpassing | | Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder. |
| | Strandsone | | I konflikt med byggegrense mot Osterfjorden, strandsona er svært utilgjengeleg, men visuelt eksponert |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | 1 km frå Knarvik sentrum og etablering av naustområdet vurderast til å gje begrensa auke i transportbehov. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Området er ikkje utbygd med VVA, bygging av vegtilkomst til naustområdet er krevjande og medfører store terrenginngrep |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse. |
| | Folkehelse | | Bygger ned strandsone, men aukar tilgjenge til friluftsliv til sjø for brukarane. Vil ikkje påverke tema i vesentleg grad. |
| | Barn og unge | | Området er bratt og utilgjengeleg i dag, ikkje relevant |

**SAMLA VURDERING**

Området er bratt, eksponert og utilgjengeleg, utbygging av naust med tilkomstveg vil medføre store terrenginngrep og vil være svært uheldig med omsyn til fjernverknad.

**TILRÅDING**

**Innspelet vert ikkje tilrådd**

### 4.1.5. Parkering

**SPA 1**
**PARKERING ERSTADFJELLET**

**Gbnr.:** 140/10
**Føremål i dag:** LNF(omsynssone friluftsliv)
**Areal storleik:** 511 m2
**Forslagstillar:** Lindås kommune(frivillighetssentralen)




**Omtale av området:** Området ligg på Erstadfjellet langs Erstadvegen og skal fungera som parkeringsareal for turgåarar til friluftsområda Erstadfjellet og Tveitevarden. Innanfor arealet som er avsett kan det opparbeidast 10-14 parkeringsplassar nær turstiane i området.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | I tråd med samfunnsdelens strategi 75; «leggje til rette for eit aktivt friluftsliv» og mål i planprogrammet for KDP; «Tilgang til tur- og naturområde i nærleiken til der folk bur er ei viktig målsetjing i planarbeidet. Når det er venta vesentleg vekst i folketalet og presset på areala aukar vert tilgang til naturområde enda viktigare å sikre for framtida.» |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Tiltaket bidreg til auka tilgjenge til attraktivt turområde i den mest folkerike delen av kommunen |
| | Landbruk og jordressursar | | Skog, klassifisert som yngre skog, middels bonitet, avsett areal er lite og endringa er ikkje av stor betydning |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjent konflikt |
| | Landskap | | Arealet ligg i eit relativt flatt område, avsett areal er lite, noko terrengbearbeiing må gjerast. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Bidreg positivt til å leggje til rette for friluftsliv, auka tilgjenge til sentralt friluftsområde. |
| | Klimatilpassing | | Ingen kjende konfliktar |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Ingen kjente konfliktar. |
| | Sosial infrastruktur | | Ikkje relevant |
| | Transportbehov | | 4,9 km frå Knarvik, alternativt vil eit turområde med større avstad medføra fleire kjørte kilometer. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Tilkomstvegen til Erstadfjellet er smal, men trafikkauken parkeringsplassen genererer vert vurdert som liten. |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensiell fare er skog- /lyngbrann. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Faren blir ikkje vurdert til å vera umogeleg å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Tilrettelegging for deltaking i friluftsliv i nærleiken av der flest folk bur i kommuen er eit helsefremjande tiltak |
| | Barn og unge | | Positivt for deltaking i friluftsliv for barn og unge |

**SAMLA VURDERING**

Innspelet er i tråd med føringar i planprogrammet for kommunedelplanen og samfunnsdelen. Tilrettelegging med parkering nær utfartsstadar aukar tilgjenge for fleire.

**TILRÅDING**

| | |
|---|---|
| **Innspelet vert tilrådd** | **Event. sett inn nytt kart.** |

**ENDRA I PLANVEDTAK 15.OKTOBER 2019**

Arealet er teke ut av planen, grunneigar ønskjer ikkje endra føremål til parkering.

### 4.1.6. Offentleg tenesteyting

**BOP1**
**OFFENTLEG TENESTEYTING, BUFELLESSKAP - TVEITEN**

**Gbnr.:** 137/20
**Føremål i dag:** LNF
**Areal storleik:** 25 daa
**Forslagstillar:** Lindås kommune

**Omtale av området:**
Eigedommen er kjøpt av Lindås kommune for å etablera eit bufellesskap for 7 funksjonshemma brukarar med døgnbemmanning.  Eigedomen tilfredsstillar kriteria  for val av tomt sett ut i frå dei brukarane som vi ikkje har eit fullgodt tilbod til i dag, og det vil være eit tilbod som ein elles ikkje har i kommunen. Brukargruppa som er tenkt inn i det nye bufellesskapet  er personar som treng tenester og tilsyn heile døgeret. Dette er menneske som av ulike grunnar har åtferd som kan føre til skade på seg sjølv eller andre og treng ei skjerma lokalisering av bustad og dagtilbod.



| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Strategi 39: «oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal», Strategi 41 «oppretthalde og vidareutvikla helse og omsorgstenester i nærsentra» |
| **Miljø** | Forureining , klima og miljø | | Transportavstand til Knarvik er 5,5 km, Det er ønskeleg at tomta for bufellesskapet ligg skjerma i høve til butikk, kjøpesenter, naboar m.m. Det vert lagt opp til å legge til rette for dagtilbod på same område, slik at ein unngår transport inn til sentrum/Knarvik for å komme på arbeid/dagtilbod. |
| | Landbruk og jordressursar | | Positiv med jordbruksrelatert aktivitet på garden. |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjende konfliktar. |
| | Landskap | | Tiltaket kan tilpassast terreng og landskap på ein god måte. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Turveg gjennom tunet, må evt innpassast eller leggast om. |
| | Klimatilpassing | | Ikkje kjent konflikt |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| **Samfunn** | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | 6 bygningar/objekt er Sefrak-registert, to er klassifisert som meldepliktig ved riving/ombygging. Omsyn til kulturminne må vurderast, treng ikkje være konflikt. |
| | Sosial infrastruktur | | Lokalisering nær Knarvik og Alversund |
| | Transportbehov | | Lokaliseringa er bilbasert og vil generere trafikk frå tilsette og besøkande. Brukarane har behov for skjerma lokalisering, vurdert utifrå dette er lokaliseringa likevel sentral. |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Tilkomst til tunet frå privat grusa veg, utbetring av vegen frå avkøyrsle frå Fv. 404 må gjernast i samband med tiltaket. Tiltaket forutset tilkopling på kommunalt nett for vatn og avløp, i åtkomstveg frå Fv 404. Ligg i omsynssone E39(dag- og tunellsone) |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar er ustabil grunn (området ligg under marin grense), flaum i vassdrag, skog-/lyngbrann, radonstråling, transport av farleg gods, trafikkforhold og framkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Folkehelse | | Positivt tiltak for å skapa eit trygt, aktivt og godt bumiljø for ei brukargruppe med særskilte behov |
| | Barn og unge | | Ikkje kjent konflikt |

| | |
|---|---|
| **SAMLA VURDERING** | |
| Gjennom Bustadsosial handlingsplan (2017) vart det meldt behov for eit nytt bufellesskap med ei skjerma lokalisering eit lite stykke frå eitt av dei tre definerte sentra i kommunen. Ved ei landleg lokalisering kan ein få til ein god kombinasjon av tradisjonell drift av eit bufellesskap og dagaktivitetar som gjev bebuarane fysisk aktivitet knytt til opparbeiding av hage, rydding av skog og kratt, enkelt vedlikehald og skjøtsel av eigedomen i tillegg til gode tilhøve for ulike former for friluftsliv. | |
| **TILRÅDING** | |
| **Innspelet vert tilrådd** | **Event. sett inn nytt kart.** |

### 4.1.7. Sentrumsføremål og vegføremål

**ALVERSUND- SENTRUMSFORMÅL_BS1**
**NY ALVERSUND BRU- VEGFØREMÅL_SV1**

**Gbnr.:** 137/13, 14, 25, 130, 208, 218, 291
**Føremål i dag:** LNF, veg, offentleg/privat tenesteyting
**Areal storleik:**
**Forslagstillar:** Statens vegvesen/ Lindås kommune




**Omtale av området:**
Statens vegvesen planlegg ny Alversund bru lokalisert på nordsida av eksisterande bru. Alversund barneskule skal flyttast til nytt bygg i Alvermarka. Tiltaka gjev nye rammer for utvikling av Alversund, bygningsmassen til barneskulen vert frigjort og køyremønster og avgrensing av Alversund vert endra. Kyststien vert vidareført og koblar seg til Kyrkjevegen på nordsida av ny Alversund.

| | Tema | Konsekvens | Merknad |
|---|---|---|---|
| | Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram | | Strategi 31 «Auke arealutnyttinga i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås..» Planprogram for KDP «Planarbeidet skal ….styrkja og vidareutvikla Alversund» og «Ny bru Alversund bru skal innarbeidast i planframlegget» |
| Miljø | Forureining , klima og miljø | | Sentrumsområdet ligg i gul støysone, raud støysone ut mot fylkesvegen |
| | Landbruk og jordressursar | | 8 dekar dyrka mark og risiko for at ytterlegare 5 dekar kan gå ut av produksjon |
| | Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag | | Ingen kjent konflikt |
| | Landskap | | Val av brutype og utforming av ny bru er avgjerande for verknad for småskalalandskapet i Alversund. Ligg i hensynssone for indre farlei. Svært viktig at tiltaket bidreg positivt til sine omgivelsar. |
| | Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv | | Etablering av Kyststi, betre løysingar for gåande og syklande, styrka forbindelse over Alverstaumen og bustadområdet på Hilland |
| | Klimatilpassing | | Ingen kjende konfliktar |
| | Strandsone | | Ikkje relevant |
| Samfunn | Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner | | Nærføring Alversund kyrkje |
| | Sosial infrastruktur | | Ligg nær barneskule |
| | Transportbehov | | Fortetting i lokalt sentrumsområde reduserer behovet for bilbruk |
| | Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA) | | Omlegging av hovedtrasear må påreknast |
| | Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit | | Potensielle farar for vegarealet er skred, ustabil grunn (området ligg under marin grense), brann/eksplosjon ved industrianlegg og kjemikalieutslepp og annan forureining. Potensielle farar for sentrumsarealet er ustabil grunn (området ligg under marin grense), radonstråling, brann/eksplosjon ved industrianlegg, kjemikalieutslepp og annan forureining og transport av farleg gods. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umogelege å handtera med avbøtande tiltak. |
| | Folkehelse | | Betre infrastruktur for gåande og syklande og mogeleg utvikling av Alversund som lokal møteplass bidreg til auka deltaking. Sentrumsområdet ligg i gul støysone. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Barn og unge | | Betre infrastruktur for gåande og syklande er særleg viktig for barn og unge |

| | |
|---|---|
| **SAMLA VURDERING** | |
| Ny bru over Alverstraumen er viktig tiltak for å betre infrastrukturen lokalt og i høve til Radøy. Saman med ny rundkøyring og avkøyrsle til Alversund vil dette gje endra rammer for utvikling av sentrum. Flytting av eksisterande barneskule frigjer store bygningsmassar og skapar potensiale for nye funksjonar og utvikling av sentrumsområdet.<br>**Merknad: Sjå detaljert KU for tiltaket i rapporten «Vegplan ny Alversund bru» (Norconsult 2018)** | |
| **TILRÅDING** | |
| **Arealendringane vert tilrådd** | **Evt. sett inn nytt kart.** |
| **Endring etter PMU 19.juni; leggje inn næringsareal ved bensinstasjon, sjå KU_N4** | |